



Skjåk kommune  
Økonomiplan  
2018 - 2021

---

# Økonomiplan 2018 - 2021

---

<b>1. Overordna perspektiv</b>	<b>3</b>
1.1. Rådmannen sine kommentarar	3
1.2. Budsjettprosessen	12
1.3. Overordna mål	12
1.4. Samfunn	14
1.4.1. Utvikling i folketal	14
1.4.2. Næringsutvikling og samfunnsutvikling	14
1.5. Brukarmedverknad	16
1.6. KOSTRA	16
1.7. Målkort	18
<b>2. Økonomi</b>	<b>19</b>
2.1. Faglege økonomiske råd og risiko	19
2.1.1. Resultatgrad	19
2.1.2. Gjeld og finans	20
2.1.3. Likviditet	21
2.1.4. Handlingsrom	21
2.1.5. Variable postar	22
2.2. Drift og rammebetingelsar	23
2.2.1. Hovudoversikt	23
2.2.2. Rammer	25
2.2.3. Løn og pensjon	26
2.2.4. Kraftinntekter	26
2.3. Investeringar	27
2.3.1. Samleoversikt	27
2.3.2. 1 – 10 skule	28
2.3.3. Ombygging inne på Skjåkheimen	28
2.3.4. Skjåkhallen	28
2.3.5. Vatn, avlaup og renovasjon	30
2.3.6. HFF bustader	30
2.3.7. Barnehagestruktur	31
2.3.8. Tomteområde	31
2.3.9. Sentrumsplan	31
2.4. Balansepostar	32
2.4.1. Eigedomar og anlegg	32
2.4.2. Fond	32
2.4.3. Arbeidskapital	33
2.5. Framtidsutsikter	33
<b>3. Medarbeidarar</b>	<b>34</b>
3.1. Hovudmålsettingar	34
3.2. Arbeidstid og heiltidskultur	34

---

# Økonomiplan 2018 - 2021

---

<b>3.3.</b>	<b>Fråvær</b>	<b>34</b>
<b>3.4.</b>	<b>Kompetanseutvikling og rekruttering</b>	<b>35</b>
<b>4.</b>	<b>Presentasjon av hovudområde</b>	<b>36</b>
<b>4.1.</b>	<b>Administrasjon og støttefunksjonar</b>	<b>36</b>
4.1.1.	Støttefunksjon	36
4.1.2.	Miljø, plan og beredskap	39
4.1.3.	Oppsummering av viktigaste endringar frå 2017 til 2018	40
<b>4.2.</b>	<b>Oppvekst og utdanning</b>	<b>41</b>
4.2.1.	Barnehage	41
4.2.2.	Skulane	43
4.2.3.	Kulturskule	45
4.2.4.	Flyktingar, vaksenopplæring og PPT	45
4.2.5.	Oppsummering av endringar i økonomiplan frå 2017 til 2018	46
<b>4.3.</b>	<b>Helse og omsorg</b>	<b>47</b>
4.3.1.	Pleie og omsorgstenester	47
4.3.2.	Helsetenester	49
4.3.3.	Helsestasjon	50
4.3.4.	Barnevern	51
4.3.5.	NAV	51
4.3.6.	Oppsummering av endringar frå 2017 til 2018	52
<b>4.4.</b>	<b>Kultur, teknisk og næring</b>	<b>53</b>
4.4.1.	Kultur	53
4.4.2.	Teknisk	54
4.4.3.	Næring	55

## 1. Overordna perspektiv

Økonomiplan gjeld for perioden 2018 – 2021. Det er lagt opp til å bruke same mal på økonomiplan og årsmelding, fordi økonomiplan er planlegging og årsmeldinga er rapportering.

### 1.1. Rådmannen sine kommentarar

Skjåk kommune legg stor vekt på å ha gode tenester, og stiller også opp med betydelege økonomiske tilskott til dei som vil etablere eller utvikle egne arbeidsplassar i kommunen. Derfor er det viktig at kommunen har god styring over eigen økonomi, slik at tenestene kan haldast oppe på eit nivå som befolkninga treng, samtidig som kommunen har handlingsrom til å gjennomføre nødvendige investeringar.

Skjåk kommune skal vera ein trygg og føreseieleg arbeidsplass for sine tilsette. Dette stiller også store krav til den økonomiske planlegginga og styringa. Endringar i skulestrukturen og andre endringar i tenestestrukturen tilseier likevel at det må bli færre kommunale årsverk. For medarbeidarane kan endringane bli opplevd som vanskelege, særleg dei som ikkje har så lang tenestetid i kommunen. Likevel er endringane nødvendige for å redusere driftsutgiftene og skape det økonomiske handlingsrommet som trengst for å halde oppe nivået i tenestene og for å forsvare låneopptak til finansiering av ny bygningsmasse.

Driftsutgiftene i Skjåk kommune er for høge i høve driftsinntektene. For å få ei betre tilpassing mellom utgifter og inntekter har det dei siste åra vore arbeidd målretta med å vurdere både struktur og nivå i tenestene. Denne økonomiplanen har som tidlegare stor merksemd på utgiftene. Dei budsjettansvarlege i administrasjonen har snudd mange steinar. Det går likevel ei grense for kor langt ein kan gå i å redusere utgiftene før innbyggjarar ikkje får oppfylt sine lovmessige krav på tenester. Det blir derfor også gjort grundige vurderingar av inntektssida. Inntektene er utfordra ved reduksjon i statlege rammeoverføringar pga. nedgang i folketal, auka innslagspunkt for toppfinansiering av ressurskrevjande tenester m.m. Dette skjer på same tid som kommunen sine utgifter innanfor nettopp desse tenestene aukar merkbart, som utgiftene til ressurskrevjande tenester for yngre personar med funksjonshemming. Eldre vil i framtida utgjera ein større del av befolkninga og dermed blir det ein auke i behovet for helse- og omsorgstenester i den gruppa. I tillegg har regjeringa i sitt forslag til statsbudsjett for 2018 varsla vesentlege innstrammingar i regelverket rundt eigedomsskatt.

Denne utviklinga skjer på same tid som staten legg fleire oppgåver og forventningar over på kommunane. I sum blir dei belastande å handtere innanfor dei økonomiske driftsrammene. Skjerpa lovkrav til personvern, styrka tidleg innsats i skule og barnehage, bemannings- og pedagognorm i barnehagane, meir kommunalt ansvar for tilbod til barn som treng hjelp frå barnevernet, forslag om lovpålagt psykologteneste frå 2020 og ansvar for borgarleg vigsling frå 2018 er døme på at staten stadig skur opp krav og forventningar til kommunane.

#### Fylkesmannens fordeling av ordinære skjønnsmidlar

Formålet med skjønnsmidlane er å fange opp lokale forhold som ikkje blir godt nok tekne omsyn til i inntektssystemet (rammeoverføringane) eller gjennom andre tilskottsordningar. Skjåk kommune får tildelt kr 1,7 mill. i 2018. Grunngeving for tildelinga er ressurskrevjande elevar i skule og barnehage, utfordringar innan barnevern og inntektssvikt ved etablering av bufellesskap for einslege mindreårige flyktningar.

# Økonomiplan 2018 - 2021

---

## Toppfinansieringsordninga for ressurskrevjande tenester

I framlegget til statsbudsjett for 2018 aukar innslagspunktet for toppfinansieringsordninga for ressurskrevjande tenester med kr 50' ut over lønnsvekst. Dette vil føre til prioriteringsutfordringar i kommunane og mogleg kutt i tenester til andre tenestemottakarar. Kommunane vil med dette forslaget få kompensert 80% av netto lønnsutgifter til helse- og omsorgstenester til enkeltbrukarar ut over eit innslagspunkt på kr 1 235'. Ordninga gjeld framleis berre for tenestemottakarar til og med det året dei fyller 67 år.

## Investeringstilskot til sjukeheimar og omsorgsbustader

Tilskottsordninga er endra og frå og med 2021 blir det berre gjeve tilskott til plassar som gir netto tilvekst. I perioden 2017 – 2020 er det ei overgangsordning. Alt tyder på at Skjåk kommune har vore så tidleg ute med planarbeidet i høve denne endringa at det blir maksimalt utbyte av tilskottsordninga både for renovering av Skjåkheimen og bygging av nye omsorgsbustader i Skamsargjeilen.

## Folkehelse

Det statlege folkehelseprogrammet er ei tiårig satsing frå 2017 til 2027 som skal bidra til å styrke det kommunale arbeidet med å fremme helse og trivsel i befolkninga. Programmet skal rettast inn mot psykisk helse og rusførebyggjande arbeid, der barn og unge er ei prioritert målgruppe. Skjåk kommune deltek i dette arbeidet og har allereie fått betydelege tilskott frå stat og fylkeskommune som skal nyttast til målretta innsats for å styrke psykisk helse og livskvalitet blant barn og unge.

Gjennom Folkehelseoversikt for Skjåk kommune og undersøkingar som UNGDATA har kommunen god kunnskap om helsetilstanden i befolkninga. Tilstanden i psykisk helse blant barn og unge og bruk av rusmidlar går også fram av desse. Det vil bli gjennomført ny UNGDATA-undersøking i 2018.

Utfordringane innan folkehelse i Skjåk ser ut til å vera knytt opp mot mangel på arbeidsplassar, mangel på uformelle sosiale møteplassar og mangel på fysisk aktivitet for grupper av befolkninga med tanke på å førebygge livsstilsjukdomar.

Skjåk kommune vil leggje vekt på tidleg innsats i alle livsfasar, også i eldreomsorga. Dette vil støtte opp om meistring og redusere behovet for helse- og omsorgstenester.

## Tiltak for å redusere sosiale skilnader

Skjåk kommune har innarbeidd i sine etiske retningslinjer at både tilsette og folkevalde skal ha stor merksemd på forhold som kan redusere sosiale skilnader. Som eitt konkret tiltak vart det innført gratis kantinemat for alle elevar i ungdomsskolen med verknad frå skulestart hausten 2017. Gratis kantinemat er i tillegg eit viktig folkehelseiltak som fremmar sunt kosthald, auka konsentrasjon for læring og auka trivsel. Tiltaket er vidareført i økonomiplanen for 2018 – 2021.

Kommunen søkjer også eksterne statlege midlar i arbeidet med å redusere sosiale skilnader, m.a. tilskott til å førebygge og redusere barnefattigdom. Midlane blir m.a. brukt til å sikre at barn i familiar med dårleg råd kan delta i fritidsaktivitetar saman med andre.

# Økonomiplan 2018 - 2021


## Barnevern

Det ser ut til å bli løyvd statlege midlar til å styrke kompetansen i barnevernet i 2018. Dette er ein del av ein strategi for å førebu kommunane på eit større kommunalt ansvar for barnevernet frå 2020. I tillegg er det statleg pålegg om å etablere akuttberedskap for barnevern, noko som er innarbeidd i økonomiplanen.

## Framskrivingar av folketalet

God økonomisk planlegging fordrar oversikt over befolkninga; korleis ho endrar seg og korleis aldersfordelinga utviklar seg. Rammetilskottet frå staten er i stor grad knytt opp mot dei demografiske faktorane, og kommunen må sjølv ha nødvendig kunnskap om utviklinga for å kunne gjera nødvendige endringar i ressursinnsatsen i tenesteapparatet, strategiske val i næringsarbeidet, m.m.


Statistisk sentralbyrå (SSB) har framskrive folketalet i Skjåk fram til 2040 (alternativ «Middels nasjonal vekst»). Framskrivinga baserer seg på faktisk folketal pr. 01.01.2016.



Ut frå framskrivinga vil folketalet gå ned med 194 personar frå 2017 til 2040. Den arbeidsføre delen av befolkninga, 20 – 66 år, blir redusert med 229 personar. Likevel aukar talet på eldre over 80 år med 86 personar. Det er m.a.o. ikkje berre den forventa nedgangen i folketalet som utfordrar Skjåk kommune både bedrifts- og samfunnsøkonomisk, men også utviklinga i korleis befolkninga fordeler seg ut frå alder.

I økonomiplanperioden 2018 – 2021 er endringane naturlegvis meir marginale, men vi ser tendensane. Dei største endringane her gjeld aldersgruppa 6 – 15 år som kan få ein nedgang på 47 personar/elevlar, og aldersgruppa 20 – 44 som blir redusert med 44. Aldersgruppa 80+ vil vera stigande; i 2025 vil det vera like mange eldre over 80 år som elevlar i grunnskulealder.

# Økonomiplan 2018 - 2021



## Strukturendringar

Det går føre seg store endringsprosessar i tenestestrukturen i Skjåk kommune, og i ulikt samarbeid som kommunen er ein del av.

- Skulestrukturen blir endra frå skulestart hausten 2018. Barneskulane Marlo og Nordberg blir nedlagde og Skjåk får ein skule - Skjåk barne- og ungdomsskule.
- Forslag til endring i barnehagestrukturen blir truleg lagt fram til politisk behandling i desember 2017. I mandatet for arbeidet ligg det føresetnad om at Holemark barnehage skal leggst ned, og arbeidsgruppa har vurdert om kommunen heretter skal ha ein eller to barnehagar, m.m.
- Ressurssenter for omstilling i kommunane (RO) gjennomfører hausten 2017 ein gjennomgang av pleie- og omsorgstenestene i Skjåk med hovudvekt på heimetenestene. Gjennomgangen vil bli følgt opp av ein ekstern Kostra-gjennomgang av alle tenestene i kommunen.
- Det blir arbeid med å sjå på NAV-strukturen i Ottadalen, som i dag har to kontor – Vågå og Skjåk. Det er pr. november 2017 usikkert når saka blir lagt fram til politisk behandling i dei respektive kommunane.
- Lom og Skjåk kommunar er i gang med å greie ut felles kulturskule. Saka vil bli lagt fram til politisk behandling i løpet av 2017.
- I vertskommunesamarbeidet om regionale helsetenester (NGLMS) kan det bli gjort fleire endringar. Fronskommunane har trekt seg ut av samarbeidet om legevaktvarsling, og dermed blir utgiftene fordelte på seks kommunar mot tidlegare åtte. Stillinga som koordinator i samfunnsmedisin blir evaluert medan stillinga står ledig. Skjåk innleia drøftingar med Lom om felles legeteneste, felles helsesøsterteneste m.m., men dette førte ikkje fram og arbeidet vart avslutta.
- Ei arbeidsgruppe har lagt fram forslag til regional akuttberedskap i barnevernet. Ordninga kan dersom ho blir vedtatt medføre auka utgifter med om lag kr 100' pr. år for Skjåk sin del.
- Nord-Gudbrandsdal Kommunerevisjon (NGK) og Innlandet Revisjon IKS blir slegne saman frå 1.1.2018. Skjåk kommune har vedtatt å gå inn som deleigar i Innlandet Revisjon IKS.
- Styret i RegionData har vedtatt drift av IKT i eigenregi med verknad frå 1. juni 2018. Det betyr at det blir lyst ut og tilsett i tre årsverk med tillegg av lærlingordninga som allereie er etablert. Årsverka blir finansierte ved frigjering av midlar frå driftsavtale med ekstern leverandør, som blir sagt opp.

# Økonomiplan 2018 - 2021

---

- Dei seks norddalskommunane etablerer Felles innkjøpskontor i Nord-Gudbrandsdalen frå 1.1.2018. Innkjøpskontoret blir organisert som administrativt vertskommunesamarbeid og blir lokalisert til Vågå.
- Lom og Skjåk brannvesen og Vågå brannvesen kan bli slegne saman frå 1.1.2018 (mogleg vedtak i desember 2017).
- Talet på medlemmer i Skjåk kommunestyre blir redusert frå 21 til 17 frå og med neste kommunestyreperiode. Talet på medlemmer i hovudutvala blir redusert frå sju til fem.

## Flyktingtenestene

Bufellesskap for einslege mindreårige flyktningar i Prestegarden er avvikla hausten 2017, og dei midlertidige kontraktane med tilsette er avslutta. Det kjem fåe asylsøkjjarar til landet for tida, og Skjåk kommune er ikkje oppmoda av IMDi om å ta imot nye i 2018.

## Endringar i administrative stillingar

Kommunestyret har tidlegare gjort vedtak om å redusere med fire administrative årsverk i planperioden 2017 – 2020. Det har ikkje vore ikkje mogleg å ta ned noko i 2017, da naturleg avgang har vore sett som vilkår. Bildet ser annleis ut for 2018; følgjande stillingar blir tekne bort i løpet av året:

- 100% assisterande rådmann. Endringa skjer ved naturleg avgang i stillinga plan-, miljø- og beredskapssjef.
- 80% sekretær ved servicetorget som følgje av naturleg avgang. Det blir innleia drøftingar med nabokommunar om tettare samarbeid eller felles tenester innan ulike funksjonar knytt til servicetorg og arkivtenester.
- 50% kulturkonsulent. Endringa skjer ved naturleg avgang og betyr ein reduksjon frå heil til halv stilling. Ressursen vil da ha kapasitet til å ta ordinære driftsoppgåver i kulturområdet, medan plan- og prosjektarbeid må finansierast ved bruk av bundne driftsfond eller eksterne midlar.
- 50% flyktingkonsulent. Endringa betyr at 50% av samla personalressurs på 150% blir overført til anna stilling i kommunen som blir ledig.
- 50% saksbehandlarstilling ved Tildelingskontoret. Endringa skjer ved naturleg avgang. Det er felles tildelingskontor med Lom kommune, slik at netto effekt for Skjåk blir 25%.
- 100% oppmålingsingeniør. Endringa skjer ved naturleg avgang, ved at oppmålingsingeniøren går over i tilsvarande stilling i Vågå kommune. Det er tatt høgde for å kjøpe nødvendige oppmålingstenester frå Vågå kommune i staden for å lyse ut sog tilsetje i stillinga på nytt.

Stillingane blir ledige på ulike tidspunkt. Effekten for 2018 blir stipulert til 2,4 årsverk, medan full effekt frå og med 2019 betyr ein reduksjon med 4,0 årsverk.

I tillegg blir 30% konsulentstilling ved nærings- og landbruksavdelinga ledig ein gong i 2018. Denne stillingsbrøken blir også vurdert m.o.t. innsparing, men kommunen må sikre å ha tilstrekkeleg med personalressursar til å løyse oppgåvene innanfor desse fagområda.

I takt med gjennomføring av fleire strukturelle endringar i oppvekst- og utdanningssektoren vil også kommunalsjefstillinga der bli vurdert. Det er lagt inn føresetnad om at denne skal bort i 2019, men dette må vurderast nærare ved neste års behandling av økonomiplanen.

Reduksjon i administrative stillingar må ikkje skje utan tanke på at oppgåvene fortsatt skal løysast. Oppgåvene blir ikkje færre, snarare tvert om. Digitalisering har som målsetting å effektivisere arbeidet, men digitalisering betyr også gjennomføring av endringsprosessar som er ressurskrevjande og treng administrative «musklar» og god leiang.



# Økonomiplan 2018 - 2021

Kommunen må ikkje la seg freiste av å ha einseitig merksemd på gevinstane utan tanke på at vegen til målet krev stor innsats.


Like viktig er det å ha ressursar til å implementere nye lovkrav og strategiar, t.d. skjerpa lovkrav rundt personvern som trer i kraft i 2018. I prioriteringar der tilnærminga er lovpålagte eller ikkje lovpålagte oppgåver kan det vera lett å gløyme at leiarressursar og administrative ressursar er nødvendige for å få sett endringane i verk.

Utvida kommunesamarbeid er nødvendig for å lykkast med å styrke fagmiljø, ta ned administrative kostnader og oppnå maksimal effekt ved digitalisering av tenester. Område som er aktuelle for drøfting med nabokommunar nå eller i nær framtid er servicetorg, arkiv, landbruksfaglege oppgåver, tildeling av tenester i helse og omsorg, kart - oppmåling og byggesak. Gjennom drøftingar rundt desse kan nye område for samarbeid eller felles tenester bli aktualiserte.

Likevel er ikkje alle administrative funksjonar eigna for samarbeid med andre kommunar eller å erstatte med å kjøpe tenester i den private marknaden. Skjåk kommune har t.d. svært god erfaring med å ha eigen tilsett prosjektleiar for større byggeprosjekt. Dette sikrar både god kvalitet i arbeidet, god kommunikasjon mellom byggherre og entreprenør, god framdrift og god økonomisk styring. I tillegg blir kompetansen verande i kommunen og kjem til nytte i neste byggeprosjekt.

## Administrativ leiarstruktur pr. 1.1.2018

Ein føresetnad for å nå målsettingane i økonomiplanen er at kommunen har ein leiarstruktur som evnar å setja vedtak om prioriteringar og satsingsområde ut i livet, i tillegg til å sørge for god og forsvarleg dagleg drift.



# Økonomiplan 2018 - 2021

---

Stabsfunksjonar direkte plasserte under rådmannen pr. 1.1.2018:

- Økonomisjef
- Personalkonsulent
- Nærings- og utviklingssjef
- Plan-, miljø- og beredskapssjef
- Teknisk sjef
- Kulturkonsulent
- Kommunikasjonsmedarbeidar

## Reduksjonar i politisk styring

Reduksjonar i administrative kostnader utfordrar kommunen også på den politiske sida. I økonomiplanen er det lagt inn ein reduksjon med kr 270' i 2018, men det står framleis att nær kr 1,9 mill. å disponere på dette området. For å realisere kuttet må det til ein gjennomgang av den politiske leiarstrukturen (hovudutval), møtefrekvens og reglement for delegering og reglement for godtgjersle til folkevalde.

## Meir kommunesamarbeid – ei demokratisk utfordring?

Utvida kommunesamarbeid har sine positive sider ved at fagmiljø blir sterkare og mindre sårbare ved fråvær, meir attraktive ved rekruttering av medarbeidarar og i mange tilfelle meir kostnadseffektive. Der tenestene blir organiserte som administrativt vertskommunesamarbeid etter kommunelova blir mynde til å utføre oppgåvene delegerte frå kommunestyret i samarbeidskommunen via eigen rådmann til rådmannen i vertskommunen. Dette kan vera svært effektivt, men må også sjåast som ei demokratisk utfordring fordi samarbeidskommunen kan miste oversikt og styring med tenestene. Særleg i endringsprosessar kan dette vera utfordrande, t.d. når ein av kommunane i samarbeidet ser det nødvendig å ta ned kostnadene.

## Eigedomsskatt

Eigedomsskatten er ein frivillig, kommunal skatt. Det er kommunestyret i den enkelte kommunen som avgjer om kommunen skal ha eigedomsskatt, og som avgjer strukturen for satsar innanfor rammene i lova. 366 kommunar har pr. juli 2017 innført eigedomsskatt, og dette utgjer ein auke på 94 kommunar dei ti siste åra.

Eigedomsskatten kan fritt disponerast av kommunane. Satsane skal vera mellom to og sju promille. Ved første gongs utskrivning skal skattesatsen ikkje overstige to promille. Regjeringa har i forslag til statsbudsjett gjort framlegg om at skattesatsen skal vera ein promille første året og at skattesatsen som hovudregel berre kan aukast med ein promille frå år til år (mot to i dag). Forslaget inneber derfor ei avgrensing i kommunen sitt handlingsrom.

I tillegg foreslår regjeringa endringar i kommunane sin tilgang til å skrive ut eigedomsskatt på produksjonsliner i kraftanlegg og elektroniske anlegg. Dette vil gje inntektstap for kommunane.

Dersom endringane i eigedomsskattelova blir vedtekne vil dei få verknad frå og med 2019.

# Økonomiplan 2018 - 2021


## Innføring av eigedomsskatt på alle bustader og hytter

Skjåk kommune har eigedomsskatt på verk og bruk, og skattesatsen er sju promille av takstverdien. Eigedomsskatten utgjør samla kr 16,6 mill. pr. år (2016).

I forslaget til økonomiplan ligg det inne forslag om å innføre eigedomsskatt på alle bustader og hytter med verknad frå budsjettåret 2020. Dersom kommunestyret sluttar seg til så vil det vera behov for å bruke åra 2018 og 2019 til å oppdatere matrikkel og måle opp bygningsmasse. Samtidig må kommunen sikre at medlemmene i takstutvalet og andre involverte i arbeidet har nødvendig kompetanse.

Eigedomsskatt i heile kommunen er nødvendig for å kompensere for reduserte inntekter som følgje av nedgang i folketalet. Redusert statleg rammetilskott i perioden 2017 til 2021 blir stipulert til kr 7,3 mill. I tillegg må kommunen som i 2017 rekne med reduserte inntekter som følgje av uendra kapitaliseringsrente på eigedomsskatten i verk og bruk og vidareføring av redusert utbyte frå Skjåk Energi KF. Oppjustert innslagspunkt for toppfinansieringsordning til ressurskrevjande tenester er med og forverrar det økonomiske bildet for kommunen.

Prognosemodellen tek utgangspunkt i regjeringa sitt forslag til endra struktur for opptrapping. Det må understrekast at prognosane er usikre. Innføringskostnadene er også usikre; erfaringstal frå Dovre og Vågå viser at desse kan variere frå om lag kr 1,5 til 2,5 mill.



## Økonomiplanen opp mot vedteken handlingsregel for netto driftsresultat

Rådmannen legg fram ein økonomiplan i balanse i utgifter og inntekter i alle åra i perioden slik lova krev, men netto driftsresultat korrigert for premieavvik pensjon i 2018 er på – 1,1%. Kommunestyret sin vedteke handlingsregel tilseier +1,0%.

Det er i prosessen *netto* reduksjonar i storleik kr 1,9 mill. i helse- og omsorgssektoren, kr 3,0 mill. i oppvekst- og utdanningssektoren og kr 1,5 mill. i andre tenester – i alt kr 6,4 mill. Det har m.a. vore nødvendig å legge inn auke i budsjetttrammene innanfor ressurskrevjande tenester.

# Økonomiplan 2018 - 2021

Reduksjonane er baserte på at tenestene skal vera forsvarlege, jf. m.a. helse- og omsorgstenestelova, opplæringslova og barnehagelova. Rådmannen vurderer det ikkje som forsvarleg å gjera ytterlegare reduksjonar i årsverk nå, sett opp mot dei oppgåvene som tenestene skal løyse nå og i næraste framtid.

For å oppnå netto driftsresultat korrigert for premieavvik med 1,0% vil det vera behov for ytterlegare reduksjonar i storleik kr 4,7 mill. kr. Dette tilsvarar mellom 9 og 10 årsverk. Full utfasing når det gjeld bruk av næringsfond til finansiering av stillingar ved nærings- og landbruksavdelinga utgjer reduksjonar i driftsbudsjettet tilsvarande om lag 2 årsverk i tillegg.


Inntektsauke som følgje av eigedomsskatt i heile kommunen vil gjera det lettare å nå målsettinga med netto driftsresultat. Det er derfor grunn til å vurdere opptrappingsplanen i handlingsregelen på nytt.

Dersom kommunestyret vil halde fast ved den vedtekne handlingsregelen i økonomiplanperioden, vil rådmannen anbefale at den politiske og administrative toppleiinga (formannskap, rådmann og kommunalsjefar) snarleg går i dialog med tillitsapparatet og blir samde om prosess.

## Kommunereforma – nye drøftingar med nabokommunar?

Skjåk sa som mange andre kommunar nei til kommunesamanslåing i 2016. Kommunereforma har likevel ikkje stoppa opp med det, og regjeringa som har kjempa for reforma har ved valet 2017 fått ny tillit i folket. Dei økonomiske utsiktene for små distriktskommunar er likevel dystre, og kanskje særleg kan ein frykte at dei frivillige små får lite økonomisk hjelp frå staten til å klare seg sjølve.

Bildet blir prega av færre innbyggjarar, men fleire eldre. Nedgang i folketalet betyr mindre i rammeoverføring frå staten. Samtidig, viss auke i talet på eldre betyr fleire *sjuke og pleietrengande eldre*, så vil dei kommunale kostnadene auke.



Regjeringa har ei uttrykt målsetting om å redusere eigedomsskatten på verk og bruk. Dette er ei betydeleg inntektskjelde for kraftkommunar. Konsekvensane for kommunar som Skjåk blir store. Delar av regjeringa har også ambisjon om å fjerne all eigedomsskatt – utan kompensierende tiltak, noko som betyr eit samla inntektstap for kommunane i Norge på om lag kr 12 mrd.

I ulike finansieringsordningar som er meint å kompensere kommunar som kjem dårleg ut økonomisk er det tydeleg at skruen skal trekkast ytterlegare til, jf. finansieringsordninga for ressurskrevjande tenester.

# Økonomiplan 2018 - 2021

---

Samtidig ser det ut til at kommunane får overført stadig fleire oppgåver frå staten og/eller oppgåvene blir definerte pga. nye lovkrav. Dette stiller vilkår om at kommunane, også små distriktskommunar, må skaffe seg kompetanse. Noko kan løysast ved at medarbeidarar tar tilleggsutdanning, og i ein del tilfelle må kompetansen rekrutterast utanfrå. Det kan vera utfordrande å rekruttere til og behalde kompetente medarbeidarar i små fagmiljø.

Etter folkeavstemminga om kommunereforma må dei som venta på eit regjeringsskifte og starten på ei reversering av reforma innsjå at staten neppe blir meir distriktsvennleg i dei næraste åra. Flyttestraumen til dei meir sentrale områda i landet held fram og betyr at det blir færre og færre til å røyste fram ein meir distriktsvennleg politikk.

Regjeringa har varsla at det vil koma fleire økonomiske insentiv i kommuneproposisjonen våren 2018 til dei kommunane som vil slå seg saman. Rådmannen anbefaler at Skjåk kommune grip denne moglegheita før det er for seint og inviterer til nye forhandlingar; og denne gongen med fleire kommunar enn Lom. Ein stor del av analysar og definisjonar av handlingsrom er allereie gjort gjennom reformarbeidet og dei intensjonsavtalene som vart forhandla fram i 2016. Dette materialet kan absolutt nyttast vidare.

## 1.2. Budsjettprosessen

Budsjettprosessen vart vedteke i kommunestyresak 21 i mars 2017. Det er gjennomført dialogkonferanse med deltakarar frå administrasjon og politikarar på forsommaren. I tillegg er det gjennomførte eit møte med formannskap og utvalsleiarar i oktober, der økonomisk situasjon var tema.

Dei viktigaste elementa i prosessvedtaket er tildeling av rammer 23.6, oppstilling av tiltaksliste 2.9, levering av budsjett frå leiarar 20.9, balanse i budsjettet 25.10, ferdigstilling av dokument 30.11 og vedtak 19.12.

Prosessen har stort sett følgt plan, men vi har vore noko på etterskot på grunn av aukande utfordringar. Den administrative presentasjonen er flytt fram ei veke.

Rådmann, assisterande rådmann og kommunalsjefar har sjølve kommentert tilpassingar av budsjettet under eigne område.

## 1.3. Overordna mål

Visjon, mål, fokusområde, strategiar, moglegheiter og utfordringar er omtala i kommuneplan som er vedteke av kommunestyret i oktober 2011. Det er fire fokusområde; vern og bruk, befolkning og bulyst, folkehelse og førebygging, kommunikasjon og samferdsel. Det er utarbeida mål for kvart av områda. Det vil bli lagt fram forslag til ny kommuneplan nær årsskiftet.

Det er vedteke eigne økonomiske mål i form av handlingregler for kommunen i kommunestyresak 39 / 2016:

- Netto driftsresultat korrigert for premieavvik skal minimum tilsvara minst 3 % av brutto driftsinntekter. I 2018 skal netto driftsresultat, på grunn av strukturelle endringar og særskilte utfordringar, tilsvara minimum 1 % av brutto driftsinntekter.
- Brutto lånegjeld skal være innanfor 100 % av driftsinntektene. I starten av perioden 2017 – 2026 kan lånegjelda, på grunn av stort investeringsbehov og forventna låg rente, være inntil 115 % av brutto driftsinntekter, men gjeldsgraden skal gradvis byggjast ned mot 100 % i perioden. Det betyr at gjeldsgraden skal være 113,5 % i 2018. og reduserast med 1,5 % poeng kvart år.

## Økonomiplan 2018 - 2021

---

- Frie midlar, i form av likviditetsreserve, skal minst tilsvare ein månads drift, det vil seie 8,33 % av brutto driftsutgifter.

Budsjettforslag inneheld følgjande økonomiske hovudmål i høve til vedtekne handlingsreglar for 2018;

Netto driftsresultat	Gjeld brutto	Frie midlar i likviditet
<ul style="list-style-type: none"><li>• Mål + 1,0%</li><li>• Forslag -1,1 %</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Mål 113,5 %</li><li>• Forslag 117,0 %</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Mål 8,33 %</li><li>• Forslag 7,60 %</li></ul>

Økonomiske mål og risiko er også kommentert under punkt 2.1.

Differansen mellom mål og forslag på korrigert netto driftsresultat er 4,733 millionar kroner. Med bakgrunn i utfordringane er det teke mange grep for å få balanse i budsjettet, men vi har likevel ein lang veg å gå for å betre nettodriftsresultat, spesielt i høve til det langsiktige målet på 3% av omsetnaden.


Brutto gjeldgrad inneheld utbetaling av siste del av lån til ny barneskule, ombygging på institusjon, bustader i Skamsargjeilen og utbygging av Skei tomteområde.

Eventuelt opptak av lån til oppgradering av Skjåkhallen og investeringskostnader i barnehage vil auke gjeldsraden seinare i langtidsperioden. Nye mindre investeringar vil også auke gjeldsgraden litt, medan avdrag reduserer den. Målet på brutto gjeld vil bli redusert med 1,5% poeng kvart år fram til 2026, til det når 100%, i samsvar med vedtak.

Vi er nær målet på frie midlar likviditet. Målet på 8,33% utgjør knapt 18,6 millionar kroner, medan vi har vel 16,9 millionar kroner.

## 1.4. Samfunn

### 1.4.1. Utvikling i folketal



Tabellen syner folketalet per 1 januar kvart år. Folketalet etter fyrste halvår 2017 var 2 199 innbyggjarar.

### 1.4.2. Næringsutvikling og samfunnsutvikling

Folketalsutvikling i Skjåk gjev framleis grunn til uro. Det er vanskeleg å snu utviklinga. For det første har kommunen over tid hatt ei relativt gammal befolkning, som forsterkar seg i form av eit negativt fødselsoverskot. I tillegg ser vi at det er dei mellom 18 og 49 år som flytter. Utflytting i samband med utdanning er nok ein vesentleg del av dette. Det er nærliggjande å tru at plassering av utdanningsinstitusjonane gjer at ungdom som vil ta utdanning etter vidaregåande skule flytter ut.

At folk lever lenge er eit positivt trekk ved kommunen, og det er ikkje aldringa som er problemet, det er tilveksten av yngre.

Det er hevda at det er nye arbeidsplassar som skal til for å få opp folketalet. At det er ein samanheng mellom arbeid og bustad er klårt, men dette er ikkje heile sanninga. Mange av verksemdene har erfaring med arbeidskraft som bur i andre kommunar eller som er heimehøyrande i andre land. Desse kjem ikkje fram i folketalsstatistikken.

Skal ein få til eit levande og vekstkraftig sentrum, må det i tillegg til arbeidsplassar også leggjast til rette for samfunnsutviklingstiltak som god sentrumsstruktur, gode bumiljø og tilgjengelege bustadar/bustadtomter og gode kommunale tenester. Det siste er viktig t.d. for barnefamiljar som vurderer å busette seg i bygda.

I ny kommuneplan og sentrumsplan for Skjåk som vil vedtakast over nyttår, vil trivselsskapande tiltak for innbyggjarar tilleggjast vekt.

# Økonomiplan 2018 - 2021

Spørsmålet om bruk og vern av utmark og nasjonalparker er framleis eit sentralt tema, og i samarbeid med nasjonalparkforvaltninga for Breheimen og Reinheimen vil det også i kommande planperiode vere viktig å sjå korleis statusen som nasjonalparkkommune kan nyttast til det beste for innbyggjarane og korleis vern og bruk kan leve i lag i framtida.

Skjåk kommune kan med rette kallast ein gründerkommune, mange av verksemdene i Skjåk er etablert ut frå ein grunnleggjande idé om eit produkt som har vakse seg fram til ei livskraftig verksemd.

Landbruket vil framleis vere ein berebjelke i Skjåk-samfunnet. Talet på aktive gardsbruk har gått ned, men husdyrhaldet har halde seg på jamt nivå, og delen dyrka mark har auka. Mellom anna fordi kommunen har eigne tilskot frå næringsfondet til nydyrking. I tillegg til omlegging til samdrifter og det ein kan kalle industrielt landbruk, har det vore og er eit mangfald i jordbruket, med satsing på nisjeprodukt, som grønsaker og eggproduksjon og lokal og kortreist mat. Tradisjonen med spekepølse, flatbrød frå lokalt korn og skinke er løfta opp, og kjem i nye former. Men landbruket i Skjåk har sine utfordringar. Sysselsettinga i landbruket har hatt ein jamn nedgang dei siste åra, dette er eit årsverkstap som ikkje erstattast av ny sysselsetting i andre sektorar. Landbruket må sjølv ta eit ansvar for å stimulere til nyrekruttering, men kommunen kan vere med å tilretteleggje for overtaking av bruk. Dette kan skje gjennom støtte frå næringsfond, hjelp til søknad til Innovasjon Norge, og ved å ha ei fagleg god landbruksforvaltning i kommunen.

Tilgang og avgang midlar på næringsfondet er budsjettet slik;

	Art	Ansvar	Tenest	Prosjekt	Budsjettbel
Budsjettet tilgang midlar - konesjonsavgift	1559	450	3258		7 300 000
Informasjonsmedarbeidar	1959	450	1211		-603 000
Festekontrakter	1959	450	3202		-35 000
Næringsjefen	1959	450	3250		-1 135 000
Tiltak for reiseliv ( nasjonalparkkriket, turistinformasjon )	1959	450	3254		-373 000
Tiltak for bedrifter ( udiponert )	1959	450	3255		-2 244 000
Regionkontoret / partnerskapsmidlar	1959	450	3260		-400 000
Næringsjefen, landbrukskontor	1959	450	3291		-1 510 000
Tiltak for landbruk og skogbruk ( udisponert )	1959	450	3293		-1 000 000
Budsjettet avgang midlar - sum bruk					-7 300 000

Fordeling:	Drift	45,0 %	3 283 000
	Regionkontoret	5,5 %	400 000
	Eksterne tilskot	49,5 %	3 617 000
		100,0 %	7 300 000

Det var ein intensjon å redusere bruken av næringsfond til internt bruk i driftsbudsjettet frå 2017, slik kommunestyret tidligare har vedteke. Dette ligg ikkje inne i budsjettforslaget, fordi kommunen fekk enda større utfordringar enn venta med mindre overføringar frå Skjåk energi og reduserte eigeidomsatteinntekter frå kraftselskap. Vi har og vesentleg kostnadsauke knytt til ressurskrevjande brukarar. Redusert bruk av næringsfond må eventuelt skje gjennom ytterlegare kostnadsreduksjonar på tenestene.



# Økonomiplan 2018 - 2021

## 1.5. Brukarmedverknad

Skjåk kommune gjennomfører med jamne mellomrom medarbeidarundersøking og brukarundersøkingar. I 2018 er det planlagt medarbeidarundersøking for alle tilsette. I vedteken plan for arbeidsgjevpolitik og –strategi går det fram at medarbeidarundersøking skal gjennomførast annakvart år.

Brukarundersøking i barnehagen blir gjennomført i november 2017, vidare i økonomiplanperioden skal denne undersøkinga gjennomførast annakvart år. Elevundersøking i skulen blir gjennomført kvart år. Foreldreundersøking i skulen skal etter oppsett plan gjennomførast i 2018, vidare i økonomiplanperioden skal denne undersøkinga gjennomførast annakvart år. Når det gjeld brukarundersøkingar innan helse og omsorg så er det planlagt brukarundersøking og pårørandeundersøking for heile pleie og omsorg i 2019. Vidare i økonomiplanperioden er desse undersøkingane planlagt annakvart år.

## 1.6. KOSTRA

Kostradata er i liten grad gjengjeve direkte i økonomiplan i og med at dette tek stor plass. Våren 2017 vart det laga oppstillingar som syner kommunen sine KOSTRA data samanlikna med landet, fylket og nabokommunar på alle område i eit 10 års perspektiv. KOSTRA data er ei god kjelde med omsyn til nivå på tenesteytinga, analyser og prioriteringar. Skjåk sine nøkkeltal samanlikna med nabokommunar, fylket og landet i 2016;

Utvalgte nøkkeltall, kommunekonsern - nivå 1	0513 Skjåk 2016	0511 Dovre 2016	0512 Lesja 2016	0514 Lom 2016	0515 Vågå 2016	0517 Sel 2016	Oppland 2016	EAK Landet 2016
<b>Finansielle nøkkeltall</b>								
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	-0,2	-0,6	0,8	0,2	1,7	2,4	2,5	3,6
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	4,1	2,3	5,6	5,2	4,0	3,7	3,7	4,0
Frie inntekter i kroner per innbygger, konsern	58 720	60 185	65 767	57 924	59 189	57 149	52 589	53 174
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	223,9	211,6	208,2	239,4	236,9	184,7	210,5	213,5
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	38,6	6,7	20,0	41,3	26,7	17,7	23,0	18,2
Netto lånegjeld i kroner per innbygger, konsern	27 207	70 880	59 231	69 558	76 247	56 468	58 253	63 977
<b>Prioritering</b>								
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager, konsern	179 241	135 981	156 341	133 650	129 914	130 099	136 230	138 807
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger, ko	18 456	16 049	17 764	14 147	15 382	13 217	13 078	12 640
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten, konsern	4 663	5 232	3 821	4 364	4 053	3 205	2 928	2 511
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgtjenesten, konsern	25 218	21 384	20 087	26 882	25 411	22 358	20 035	16 592
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år, konsern	4 855	3 621	1 047	2 886	3 054	4 276	3 276	3 914
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten, konsern	5 714	12 351	8 776	3 518	7 551	10 584	10 047	8 920
Netto driftsutgifter, administrasjon og styring, i kr. pr. innb., konsern	7 904	5 479	7 409	6 104	4 745	4 928	4 618	4 129
<b>Dekningsgrad</b>								
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	89,9	88,0	85,2	87,2	91,4	88,2	91,1	91,0
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	8,1	3,7	3,7	5,8	5,0	7,7	7,4	7,8
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	15,9	15,0	14,6	16,4	14,1	11,8	12,2	10,6
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	13,4	11,2	9,8	9,7	11,7	10,8	11,3	9,1
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100	100	100	100	66	100	97	95
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	18,7	17,3	14,7	17,0	15,9	12,6	12,2	13,3
Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år	4,8	4,3	1,5	2,3	5,0	6,8	:	4,0
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	3,8	9,5	6,1	3,4	5,7	7,7	:	4,9
Syssel-, gangveier/turstier mv. m/kom. driftsansvar per 10 000 innb.	18	75	93	250	8	35	60	39
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere	28	24	27	25	25	23	25	21
Årsverk i brann- og ulykkesvern pr. 1000 innbyggere	0,64	1,84	1,84	0,64	0,62	0,46	0,66	0,6
<b>Produktivitet/enhetskostnader</b>								
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage, kon	225 794	181 042	212 078	184 039	182 161	186 429	184 747	191 792
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskys (20	157 085	153 411	142 191	133 398	132 935	122 080	122 242	112 208
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10. årstrinn	10,8	9,9	12,3	11,1	11,5	12,7	13,5	14,3
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner), kons	197 302	182 804	255 344	213 511	186 627	203 916	229 153	246 489
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass, konsern	1 048 568	920 143	775 548	991 195	1 017 412	1 206 328	1 100 996	1 110 419
Årsgebyr for vannforsyning - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)	2 700	5 352	3 976	2 979	4 207	4 088	3 790	3 437
Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)	5 804	7 248	2 805	4 178	3 412	3 898	4 941	3 837
Årsgebyr for avfallstjenesten - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)	2 190	1 860	2 201	2 056	1 744	1 787	2 136	2 719
Gj. snittlig saksbehandlingstid for opprettelse av grunneiendom. Kalenderd:	67	..	57	18	45	32	45	48
Bto. dr. utg. i kr pr. km kommunal vei og gate, konsern	71 091	39 934	166 921	42 188	87 566	159 418	114 127	142 033

# Økonomiplan 2018 - 2021

Viktige oppdaterte KOSTRA data syner Skjåk si utvikling i perioden 2009 – 2016;

Utvalgte nøkkeltall, kommunekonsern - nivå 1	0513 Skjåk 2009	0513 Skjåk 2010	0513 Skjåk 2011	0513 Skjåk 2012	0513 Skjåk 2013	0513 Skjåk 2014	0513 Skjåk 2015	0513 Skjåk 2016
<b>Finansielle nøkkeltall</b>								
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	5,4	1,9	3,9	-0,7	1,0	0,3	-2,3	-0,2
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	10,8	6,4	8,8	4,8	5,4	3,8	1,8	4,1
Frie inntekter i kroner per innbygger, konsern	39 709	41 584	46 581	51 272	53 842	55 617	57 540	58 720
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	173,1	181,5	192,7	208,2	212,2	216,2	217,4	223,9
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	49,8	45,8	39,6	39,2	48,4	50,3	41,0	38,6
Netto lånegjeld i kroner per innbygger, konsern	14 822	13 552	13 654	16 752	14 383	11 290	17 897	27 207
<b>Prioritering</b>								
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager, konsern	27 048	31 431	99 667	115 290	139 764	150 500	161 176	179 241
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger, ko	11 789	12 451	13 253	15 794	14 812	16 475	17 021	18 456
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten, konsern	2 459	2 655	3 013	3 950	3 827	4 614	4 892	4 663
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten, konsern	17 600	19 423	19 685	22 710	22 593	25 127	24 915	25 218
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år, konsern	1 594	2 261	1 906	3 613	2 902	3 786	3 804	4 855
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten, konsern	..	1 557	3 420	4 682	4 648	5 538	5 329	5 714
Netto driftsutgifter, administrasjon og styring, i kr. pr. innb., konsern	7 566	8 298	8 235	4 837	3 981	6 417	8 101	7 904
<b>Dekningsgrad</b>								
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	87,6	81,7	82,9	80,4	85,4	88,9	90,6	89,9
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	6,7	6,2	5,8	6,3	5,4	5,9	5,9	8,1
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	13,2	17,4	14,7	17,6	18,3	17,8	18,1	15,9
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	13,2	13,0	13,0	11,5	13,3	13,4	13,6	13,4
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100	100	100	100	100	100	100	100
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	23,5	21,5	22,8	24,8	23,9	21,2	15,5	18,7
Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år	3,6	4,2	4,3	4,5	3,3	3,8	5,5	4,8
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	1,8	2,1	2,8	3,7	2,9	2,7	4,0	3,8
Syssel-, gangveier/turstier mv. m/kom. driftsansvar per 10 000 innb.	18	17	17	:	18	18	18	18
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere	22	22	24	25	26	27	28	28
Årsverk i brann- og ulykkesvern pr. 1000 innbyggere	0,52	0,52	..	0,51	0,51	0,43	0,64	0,64
<b>Produktivitet/enhetskostnader</b>								
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage, kon	123 356	136 464	141 652	169 434	192 274	191 195	203 162	225 794
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskys (20	97 510	102 206	113 016	134 745	124 544	136 194	139 137	157 085
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10.årstrinn	12,7	10,5	9,1	10,8	11,6	10,6	9,8	10,8
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner), kons	133 103	146 116	152 807	166 416	156 195	182 151	167 637	197 302
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass, konsern	736 452	957 086	907 543	1 017 297	1 026 054	1 082 811	1 035 243	1 048 568
Årsgebyr for vannforsyning - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)	1 720	1 780	1 851	1 934	2 011	2 081	2 146	2 700
Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)	4 540	4 700	4 888	5 108	5 312	5 497	5 662	5 804
Årsgebyr for avfallstjenesten - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)	2 049	2 049	2 190	2 190	2 190	2 190	2 190	2 190
Gj.snittlig saksbehandlingstid for opprettelse av grunneiendom. Kalenderd:	60	90	90	90	27	57	18	67
Bto. dr. utg. i kr pr. km kommunal vei og gate, konsern	35 971	33 412	44 176	63 559	59 059	56 853	61 455	71 091

- Kjelde; SSB utdrag per 31/10/2017.
- Barnehage; frå 2011 blei øyremerka tilskot innfasa i rammeoverføringar.
- Administrasjon; forvaltningsrevisjon ble gjennomført i 2012 og fleire kostnader blei fordelt frå administrasjon frå 2012, blant anna kostnader relatert til bygg, it, fakturering og servicetorg. Netto driftsutgifter er spesielt låge i 2012 og 2013 og dette har fleire årsaker, blant anna blei tilskot inntekter bulyst inntektsført under administrasjon.

# Økonomiplan 2018 - 2021

## 1.7. Målkort

### Oppvekst og utdanning

Målekort - Oppvekst					
Dimensjon	Indikator	2018	2019	2020	2021
Organisasjon	Sjkefråvær (i sektoren)	<7%	<6%	<6%	<6%
	Meistringsorientert leing*	4,0		4,3	
	Rolleklarheit*	4,0		4,3	
	Kompetanseheving (tal tilsette i kompetansegevande vidareutdanning)	3,0	3,0	3,0	3,0
Samfunn	Busette flyktningar	0,0	10,0	10,0	10,0
Teneste	Barn med rett til barnehageplass har fått tilbod om plass	100 %	1,0	100 %	100 %
	Nasjonale prøver 5. klasse (gjennomsnitt)	50,0	50,0	50,0	50,0
	Grunnskulepoeng (gjennomsnitt)	41,0	41,0	41,0	41,0
	Fullført introduksjonsprogrammet etter 2 år (prosent?)	80,0	80,0		
	Del deltakarar i Kjerneprogrammet (prosent?)				
Økonomi	Fastlønn (lik budsjett)	<100%	<100%	<100%	<100%
	Vikarutgifter	<100%	<100%	<100%	<100%

### Helse og omsorg

Målekort - Helse og omsorg					
Dimensjon	Indikator	2018	2019	2020	2021
Organisasjon	Fråvær i %	<8%	<7%	<7%	<7%
	Relevant kompetanseutvikling	4,5	4,5	4,5	4,5
	Meistringsorientert leiar	4	4	4	4
Samfunn	Lærlingar	2	2	2	2
	Gjennomsnittleg stillingsprosent	75 %	75 %	75 %	75 %
Teneste	Brukarmedveknad	5,0	5,0	5,0	5,0
	Respektfull behandling	5,0	5,0	5,0	5,0
	Får hjelp ein treng det.	5,0	5,0	5,0	5,0
Økonomi	Fastlønn (lik budsjett)	<100%	<100%	<100%	<100%
	Vikarutgifter	<100%	<100%	<100%	<100%

# Økonomiplan 2018 - 2021

## Overordna og andre tenester

Målekort - Overordna og andre tenester					
Dimensjon	Indikator	2018	2019	2020	2021
Organisasjon	Fråvær i %	6,0	6,0	6,0	6,0
	Utviklingsamtale / medarbeidersamtale med alle faste tilsette	100 %	100 %	100 %	100 %
	Meistringsorientert leing, medarbeidarundersøking (10 faktor )	4,0		4,0	
	Relevant kompetanseutvikling, medarbeidarundersøking ( 10 faktor )	4,0	4,0	4,0	4,0
Samfunn	Publikum skal ha eit digitalt fyrstevalg i sitt møte med Skjåk kommune *				
Teneste	Digitalisere arbeidsplattformen til dei kommunalt tilsette *				
Økonomi	Netto driftsresultat i høve omsetnad korrigert for premieavvik	1,0 %	3,0 %	3,0 %	3,0 %
	Brutto lånegjeld i høve omsetnad ekskludert pensjonsforpliktingar	113,5 %	112,0 %	110,5 %	107,5 %
	Likviditetsreserve i høve omsetnad	8,33 %	8,33 %	8,33 %	8,33 %

\* viktig utviklingsprosjekt som det ikkje er sett mål på

## 2. Økonomi

### 2.1. Faglege økonomiske råd og risiko

Kommunestyret har vedteke eigne økonomiske mål for Skjåk kommune i 2016 som også er omtala under punkt 1.3. Måla er knytt til resultatgrad, gjeld og likviditet.

#### 2.1.1. Resultatgrad

	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2017	Rekneskap 2016
Netto driftsresultat	1 553 000	-2 595 000	1 936 000	-2 629 000	886 000	9 145 805
Netto premieavvik	-3 977 000	237 000	-3 437 000	1 142 000	-1 606 000	-2 562 040
Korrigert netto driftsresultat	-2 424 000	-2 358 000	-1 501 000	-1 487 000	-720 000	6 583 765
Korr netto dr res i % av omsetnad	-1,1 %	-1,1 %	-0,7 %	-0,7 %	-0,3 %	2,9 %

# Økonomiplan 2018 - 2021

Frå fagleg hold er det tilrådd at netto driftsresultat som er i intervallet 1,75 - 5 % av driftsinntektene. Skjåk kommune har vedteke at netto driftsresultat korrigert for premieavvik vanlegvis skal være minst 3%, og minst 1% i 2018 på grunn av strukturelle endringar. Det er viktig at ein har eit positivt korrigert nettodriftsresultat, slik at ein evner å finansiere mindre investeringar utan å måtte låne. Vidare har ein da også moglegheit til å avsette midlar til disposisjonsfond, slik at ein har noko midlar til eventuelle ekstralyvingar.


I forslaget til budsjett 2018 er det budsjettert med -1,1 % i korrigert netto driftsresultat. Hovudgrunnen til at forslaget ligg lågare enn handlingsregel, er fleire nye utfordringar, blant anna knytt til redusert utbytte frå Skjåk Energi KF på 3,3 millionar kroner i 2017 og kraftig auke i kostnader til ressurskrevjande brukarar i 2017 og 2018.

Vi fekk svak utelling på statsbudsjettet med 2,1% auke. Isolert sett skuldast også mykje av auken at vi fekk auka skjønstilskot som utgjer 1,7 millionar kroner. Folketalet går ned og dette gjev reduserte overføringar. Vi får også redusert eigedomsskatten.

Avdrag og renter knytt til fleire store investeringar over tid må også dekkjast inn.

## 2.1.2. Gjeld og finans

Oversikta syner utvikling i gjeld ekskludert pensjonsforpliktingar i perioden 2004 – 2016.



I 2005 kjøpte vi rettar til 7 % av utbygginga av Øvre Otta for vel 93 millionar kroner.

Kommunestyret har vedteke handlingsregel på låneopptak i 2016 der brutto lånegjeld skal ligge innanfor 113,5 % av omsetnad i 2018. Gjeldsgraden skal gradvis byggjast ned mot 100 % fram til 2026. Gjeldsgraden er såpass høg at det er betydeleg renterisiko med flytande rente. Lånerenta er no svært låg, men seinast i 2008 var den over 8%. Rentebinding må vurderast. Binding av renta er normalt litt meir kostbart på kort sikt, men vil redusere renterisikoen. Det er viktig at beslutningstakarar er klar over og bevisste på risikoen knytt til renteutvikling og samla gjeld.

# Økonomiplan 2018 - 2021

---

Lån som ligg inne i økonomiplanen 2018 inneber at brutto lånegjeld, ekskludert pensjonsforpliktingar, er på 117 % av omsetnaden. Dette inkluderer utbetaling av siste del av lån til ny barneskule, ombygging på institusjon, bustader i Skamsargjeilen og utbygging av Skei tomteområde.

Eventuelt opptak av lån til oppgradering av Skjåkhallen og investeringskostnader i barnehage vil auke gjeldsraden seinare i langtidsperioden.

Følgjande større investeringar vil påverke gjeldsgraden;

- Oppgradering Skjåkhallen med lån på 38,752 millionar kroner vil auke gjeldsgrad med 17,4 % ved gjennomføring av alle 3 trinn. Trinn 1 vil isolert sett auke gjeldsgraden med 6,1 %, dog avhengig av kva vi kan oppnå i tilskot.
- Investering i ny barnehagestruktur med to avdelingar i Bismo og Dønfoss med låneopptak på 29,827 millionar kroner vil auke gjeldsgraden med 13,4 %.

Elles er det og i langtidsperioden skissert behov for å oppgradere mange anlegg innanfor VAR område som samla utgjør eit vesentleg beløp, jamfør investeringsplan. Avdrag vil redusere gjeldsgraden i intervallet 3,2 – 5,6 % kvart år og enda noko meir sist i langtidsperioden dersom ein gjennomfører Skjåkhallen.

## *2.1.3. Likviditet*

Gjennom handlingregelen har kommunestyret lagt til rette for at vi tek vare på oppbygd likviditet.

Kommunen har i fleire år hatt god likviditet gjennom avsett likviditetsreserve. Likviditetsreserven er svært viktig av fleire grunnar;

- Likviditetsreserven kan være ein buffer til å saldere budsjett på kort sikt, dersom vi får bråe reduserte inntekter eller uføresett kostnadsauke. Vi har dermed evne til å bruke tid på omstilling og tilpassing til endra rammer.
- Vi har midlar til å dekke opp eit eventuelt underskot på rekneskapen.
- Kommunen tåler å ha lite udisponerte fondsmidlar på ubunde kapitalfond og disposisjonsfond.
- Vi klarer oss utan kostbar kassakreditt, med omsyn til at vi generelt får kostnader før inntekter.

Sett over ei 10 års periode, så vil Skjåk kommune truleg ha ein omsetnad på godt over 2 milliardar kroner med dagens kroneverdi og driftsnivå. I eit slik perspektiv utgjør likviditetsreserven godt under 1% av 10 års omsetnaden, men den er svært viktig med omsyn til å ha evne til å saldere budsjettet på kort sikt og dekke opp eventuelle underskot på rekneskapen. Det er viktig at ein tek vare på og ikkje byrjar å trekke på likviditetsreserven, for å gjennomføre mindre prosjekt. Det er svært utfordrande å byggje opp ei ny likviditetsreserve.

Forventa likviditetsreserve i 2018 er 16,939 millionar kroner inkludert prinsippendingar og utgjør 7,60 % i høve til budsjettet omsetnad. Handlungsregel på 8,33 % utgjør 18,578 millionar kroner, så vi er nær opptil målet.

## *2.1.4. Handlungsrom*

Skjåk kommune har for tida eit utfordrande økonomisk Handlungsrom. Vi har eit negativt netto driftsresultat korrigert for premieavvik, det er ønske om fleire store investeringar og redusert bruk av næringsfond til drift. Frå 2017 fekk vi mindre overføringar frå Skjåk Energi. Eigedomsskatteinntektene frå verk og bruk har gått ned. Folketalet har minka. Kostnadar til

# Økonomiplan 2018 - 2021

---

ressurskrevjande har auka. Vi måtte redusere budsjettet med over 8 millionar kroner samanlikna med første utkast som var summert opp den 20. september. Det var i utgangspunktet eit nøkternt budsjett.

Vi må heile tida arbeide for å skape større handlingsrom for å gjennomføre aktuelle satsingar, betre netto driftsresultat og auke evna til å finansiere noko av investeringane med eigenkapital. Strukturelle endringar skal betre handlingsrommet, og nytt felles skuleanlegg er klart hausten 2018. Det blir arbeid med auka samarbeid med andre kommunar. I 2018 er det på grunn av inntektsnedgang og kostnadsauke på enkelte område, gjennomført store omprioriteringar for å nå balanse i budsjettet. På grunn av det samla utfordringsbildet ble det i første omgang lagt vekt på å få budsjettet i balanse, og det betyr at ein framover må arbeide vidare for å nå handlingsregelene.

## 2.1.5. Variable postar

Skjåk kommune har svært mange variable postar, som inneber at har vi har ein usikker økonomi og at det er risiko relatert til mange budsjettposter. Vi må ha god evne og vilje til rask omstilling, dersom dette blir naudsynt. Følgjande postar er over tid spesielt variable og usikre;

- Pensjonskostnadene varierer spesielt med variasjonar i årleg reguleringspremie, som blant anna er avhengig av datolønsvekst knytt til hovud- og mellomoppgjær.
- Tilbakeføring frå pensjonskassene, som er avhengig av pensjonskassene sine rammevilkår og avkastning dei oppnår på sine plasseringar. I 2018 er det budsjettet med ei inntekt på 2,4 millionar kroner, vurdert ut frå kva vi faktisk har fått dei siste åra. Det er viktig å merke seg at KLP har garantert ei attendeføring på berre 719.000 kroner. Risikoen er knytt til at ein i verste fall kan få 1,7 millionar kroner mindre enn budsjettet.
- Overføringane frå Skjåk energi blei redusert med 3,3 millionar kroner frå 2017 på grunn av redusert lønnsemd. Gode resultat enkelte år kan innebære ekstra utbytte.
- Inntektene frå eigedomsskatt har gått kraftig ned dei 2 siste åra på dei fleste anlegga, men inntektene frå Framruste og Øyberget har halde seg, fordi dei har vore over makstakst. Regjeringa har lagt fram forslag om å fase ut eigedomskatteinntekter frå kraftlinjer, maskiner og elektroniske anlegg i perioden 2019 – 2023.
- Endring i sentrale politiske rammevilkår, spesielt gjennom overføringar på statsbudsjettet.
- Endring i folketal og samansetjing av aldersgrupper har stor betydning for overføringane.
- Endring i rentenivå, spesielt ved store låneopptak og flytande rente. Skjåk kommune har førebels bere flytande rente. Renteauke på 1% vil innebære over 2 millionar kroner i auka rentekostnader, men vi får da og litt meir renteinntekter.
- Lønsoppgjær er viktig for utvikling i lønnskostnadene, som er klart viktigaste utgiftspost og denne påverkar også reguleringspremie pensjon og arbeidsgjevaravgift.
- Kostnader til ressurskrevjande. Lønsumgiftene har steg mykje dei siste åra.
- Endring i regionale kostnader på samarbeid.
- Det er store endringar på flyktningtenesta og ressurskrevjande og budsjettpostane er noko usikre, men flyktningbudsjettet blir ført mot fondsavsetting.

# Økonomiplan 2018 - 2021

## 2.2. Drift og rammebetingelsar

### 2.2.1. Hovudoversikt

	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2017	Rekneskap 2016
<b>Driftsinntekter</b>						
Brukerbetalinger	9 447 000	9 447 000	9 447 000	9 447 000	8 166 000	8 037 474
Andre salgs- og leieinntekter	17 857 000	17 857 000	18 517 000	18 517 000	16 542 000	17 051 007
Overføringer med krav til motytelse	24 075 000	23 345 000	23 368 000	23 342 000	25 815 000	25 066 097
Rammetilskudd	75 200 000	74 824 000	74 448 000	74 072 000	74 570 000	72 955 220
Andre statlige overføringer	10 066 000	7 310 000	5 751 000	4 779 000	13 262 000	14 550 462
Andre overføringer	5 053 000	5 053 000	5 053 000	5 053 000	5 880 000	8 659 633
Skatt på inntekt og formue	47 400 000	47 305 000	47 210 000	47 120 000	46 739 000	44 580 439
Eiendomsskatt	14 630 000	14 630 000	15 868 000	17 106 000	15 400 000	16 625 536
Andre direkte og indirekte skatter	19 300 000	19 300 000	19 300 000	19 300 000	19 240 000	19 054 355
Sum driftsinntekter	223 028 000	219 071 000	218 962 000	218 736 000	225 614 000	226 580 222
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønnsutgifter	133 829 000	126 496 000	123 216 000	122 542 000	135 554 000	129 019 884
Sosiale utgifter	25 384 000	27 963 000	23 918 000	28 433 000	25 774 000	22 624 597
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.prod	28 847 000	28 471 000	28 803 000	29 223 000	29 755 000	32 033 636
Kjøp av tjenester som erstatter tj.prod	19 319 000	19 189 000	19 189 000	19 189 000	18 574 000	21 173 410
Overføringer	12 690 000	12 550 000	12 657 000	12 617 000	14 978 000	14 032 875
Avskrivninger	12 530 000	13 766 000	13 766 000	13 766 000	11 033 000	10 309 466
Fordelte utgifter	-1 657 000	-1 657 000	-1 657 000	-1 657 000	-1 667 000	-2 071 000
Sum driftsutgifter	230 942 000	226 778 000	219 892 000	224 113 000	234 001 000	227 122 869
Brutto driftsresultat	-7 914 000	-7 707 000	-930 000	-5 377 000	-8 387 000	-542 646
<b>Finansinntekter</b>						
Renteinntekter og utbytte	8 641 000	7 686 000	7 869 000	8 052 000	9 140 000	9 395 101
Gevinst på finansielle instrumenter (orr	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	50 000	50 000	50 000	50 000	100 000	203 087
Sum eksterne finansinntekter	8 691 000	7 736 000	7 919 000	8 102 000	9 240 000	9 598 188
<b>Finansutgifter</b>						
Renteutgifter og låneomkostninger	4 350 000	5 064 000	6 159 000	6 460 000	3 930 000	3 183 508
Tap på finansielle instrumenter (omløp:	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	7 224 000	11 146 000	12 480 000	12 480 000	6 880 000	6 875 390
Utlån	180 000	180 000	180 000	180 000	190 000	160 304
Sum eksterne finansutgifter	11 754 000	16 390 000	18 819 000	19 120 000	11 000 000	10 219 202
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-3 063 000	-8 654 000	-10 900 000	-11 018 000	-1 760 000	-621 014
Motpost avskrivninger	12 530 000	13 766 000	13 766 000	13 766 000	11 033 000	10 309 466
Netto driftsresultat	1 553 000	-2 595 000	1 936 000	-2 629 000	886 000	9 145 805
Netto premieavvik	-3 977 000	237 000	-3 437 000	1 142 000	-1 606 000	-2 562 040
Korrigert netto driftsresultat	-2 424 000	-2 358 000	-1 501 000	-1 487 000	-720 000	6 583 765
Korr netto dr res i % av omsetnad	-1,1 %	-1,1 %	-0,7 %	-0,7 %	-0,3 %	2,9 %
<b>Interne finanstransaksjoner</b>						
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindrefc	0	0	0	0	5 586 000	6 446 579
Bruk av disposisjonsfond	1 015 000	1 189 000	992 000	978 000	1 034 000	3 950 046
Bruk av bundne fond	13 446 000	16 073 000	15 176 000	18 613 000	12 199 000	12 710 618
Sum bruk av avsetninger	14 461 000	17 262 000	16 168 000	19 591 000	18 819 000	23 107 243
Overført til investeringsregnskapet	1 700 000	700 000	700 000	700 000	4 898 000	4 328 871
Dekning av tidligere års regnsk.m. merft	0	0	0	0	0	0
Avsatt til disposisjonsfond	110 000	0	0	0	3 084 000	4 413 510
Avsatt til bundne fond	14 204 000	13 967 000	17 404 000	16 262 000	11 723 000	17 924 331
Sum avsetninger	16 014 000	14 667 000	18 104 000	16 962 000	19 705 000	26 666 712
Netto avsetninger	1 553 000	-2 595 000	1 936 000	-2 629 000	886 000	3 559 469
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	0	0	0	0	0	5 586 336



# Økonomiplan 2018 - 2021

---

Korrigert netto driftsresultat er budsjettert til -1,1 % som utgjør – 2.424.000 kroner. Målet i 2018 var eit korrigert netto driftsresultat på 1 %, som tilsvarar 2.309.000 kroner. Differansen mellom forslag til budsjett og handlingsregel er vel 4,7 millionar kroner. Utvikling i nøkkeltal går fram av note 20 i rekneskapen.

Det er lagt inn bruk av fond og dette må også sjåast i samanheng med handlingsregel på netto driftsresultat og budsjettbalanse.

- Det er lagt inn bruk av 800.000 kroner i bruk av fond frå pensjon reserve i og med at reguleringspremien på pensjon stiger.
- Det er lagt inn bruk av tidligare avsett overskot knytt til pukkelkostnader og strukturelle endringar med 1 350 000 kroner i 2018, som blir erstatta av effektivisering, delvis frå hausten 2018 og fullt ut frå 2019.
- Det er lagt inn 660.000 kroner i bruk av bunde driftsfond på renovasjon. Tenesta skal gå i 0 over tid, og vi krev inn 3 av 4 terminar på husstandar i 2018 og halv pris på hytter. Dette er i samsvar med tidligare kommunestyrevedtak.
- Det er lagt inn bruk av 65.000 kroner i bruk av UHT midlar i heimesjukepleia.
- Det er lagt inn 215 000 kroner i barnehage og 381.000 kroner i skule i bruk av fondsavsetning flyktningmidlar.
- På Helsestasjon og NAV er det lagt inn 278.000 og 125.000 kroner i bruk av fond, relatert til tidligare avsette fondsmidlar.
- På avløp er det innlagt 100.000 kroner, da dette er pliktig bruk i forhold til tidligare avsett overskot.
- Det er lagt opp til at gåvenemda på Skjåkheimen skal bruke 200 000 kroner frå fond som tidligare år.

På pensjon må vi bruke like formlar alle år av systemtekniske årsakar, derfor står det i budsjettet bruk av fond alle 4 åra. Normalt bruker vi pensjonsfond reserve når det er relativt høg reguleringspremie, medan vi avsett når premien er låg. Det er forventa auka pensjonskostnader i perioden 2018 – 2021, sett i høve til forventa faktiske pensjonskostnader i 2017

Over tid varierer tilbakeføring frå KLP pensjonsfond, men ligg i gjennomsnitt godt over 2 millionar kroner de siste åra. KLP stipulerer ei garantert tilbakeføring etter eit «worst case scenario» og det utgjør for Skjåk kommune 719.000 kroner i 2018. I budsjettforslaget er det teke omsyn til reell «historisk» attendeføring og lagt til grunn at vi får 2,4 millionar kroner. Inntekstposten er alltid usikker og inneber risiko.

For å få budsjettet i balanse er det gjennomført reduksjonar i årsverk. Tiltak og eventuelt satsingar er omtala under punkt 2.3 investeringar og punkt 4, herunder administrasjon, oppvekst og utdanning og helse og omsorg.

# Økonomiplan 2018 - 2021

## 2.2.2. Rammer

Rammene til tenestane går fram av tabell;

Rammer per ansvarsområde		Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
		2018	2019	2020	2021	2017
100	RÅDMANN	7 089 000	6 806 000	6 806 000	6 806 000	7 096 000
101	KULTUR	1 687 000	1 492 000	1 492 000	1 492 000	1 912 000
102	PLAN, MILJØ OG BERDEDSKAP	4 248 000	4 172 000	4 172 000	4 172 000	4 813 000
103	PERSONAL OG ORGANISASJONSUTVIKLING	1 897 000	1 897 000	1 897 000	1 897 000	1 587 000
104	ØKONOMI	3 463 000	3 463 000	3 463 000	3 463 000	3 411 000
150	ASS. RÅDMANN OG STØTTEFUNKSJONAR	11 157 000	10 204 000	10 204 000	10 204 000	11 232 000
200	OPPVEKST OG UTDANNING	5 696 000	4 656 000	4 656 000	4 656 000	5 580 000
201	FLYKTNINGAR	4 830 000	3 244 000	1 634 000	928 000	6 943 000
211	DØNFOSSE BARNEHAGE	3 935 000	3 935 000	3 935 000	3 935 000	3 851 000
212	HOLEMORK BARNEHAGE	3 323 000	3 323 000	3 323 000	3 323 000	3 446 000
213	BISMO BARNEHAGE	4 067 000	4 067 000	3 512 000	3 512 000	3 736 000
220	SKJÅK BARNE OG UNGDOMSKULE	24 221 000	22 080 000	20 883 000	20 883 000	1 704 000
221	REKTOR NORDBERG BARNESKULE	0	0	0	0	10 067 000
222	REKTOR MARLO BARNESKULE	0	0	0	0	5 748 000
223	REKTOR SKJÅK UNGDOMSSKULE	0	0	0	0	10 336 000
240	KULTURSKULE	1 850 000	1 561 000	1 561 000	1 561 000	1 945 000
300	HELSE OG OMSORG	2 000 000	1 900 000	1 900 000	1 900 000	1 968 000
310	PLEIE OG OMSORG INSTITUSJON	23 815 000	23 436 000	23 436 000	23 536 000	23 527 000
320	PLEIE OG OMSORG HEIMETENESTER	26 533 000	25 384 000	25 384 000	25 384 000	23 445 000
330	HELSETASJON	2 373 000	2 120 000	2 120 000	2 120 000	0
331	NAV	2 800 000	2 800 000	2 800 000	2 750 000	3 855 000
332	BARNEVERN	2 669 000	2 669 000	2 669 000	2 669 000	5 131 000
350	HELSETENESTER	5 792 000	5 792 000	5 792 000	5 792 000	6 395 000
420	TEKNISK VAR	3 742 000	3 587 000	3 787 000	3 887 000	4 160 000
430	TEKNISK DRIFT	22 135 000	23 286 000	23 428 000	23 652 000	20 035 000
450	LANDBRUK OG NÆRING	165 000	165 000	165 000	165 000	922 000
600	FINANS OG OVERFØRINGAR	-169 487 000	-162 039 000	-159 019 000	-158 687 000	-172 845 000
TOTALT		0	0	0	0	0

- Det er lagt opp til reduksjonar i flyktningbudsjettet, da vi ikkje er anmoda om å taka i mot flyktningar,
- Alle skulane er slege saman til eit budsjett frå 2018.
- Barnevern og Helsestasjon er splitta i to ansvarsområde frå 2018.
- Fellesområde finans og overføringar får redusert netto resultat, blant anna på grunn av redusert integreringstilskot, redusert folketal, redusert e-skatt først i perioden og auka avdrag og renter.
- Kostnadsreduksjonar er implementert på det enkelte ansvar for å få budsjettet i balanse. Dette er omtala av rådmannen og kommunalsjefane i eigne punkt under kapittel 4.
- Vedlikehaldsbudsjettet under Teknisk er betra noko. Det blir og mindre vedlikehald dersom vi får avhenda dei to barneskulane. Budsjettet på Teknisk og VAR aukar fortrinnsvis på grunn av auka avskrivningar.
- Landbrukskontoret er finansiert frå næringsfondet.

# Økonomiplan 2018 - 2021

## 2.2.3. Løn og pensjon

Løns og pensjon er oppstilt som følger;

	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2017	Rekneskap 2016
Lønnsutgifter	133 829 000	126 496 000	123 216 000	122 542 000	135 554 000	129 019 884
Sosiale utgifter	25 384 000	27 963 000	23 918 000	28 433 000	25 774 000	22 624 597

Det er lagt opp til reduserte lønskostnader gjennom tiltak. Lønskostnadene på Bufellesskapet er trekt ut, medan lønskostnadene på ressurskrevjande aukar. Endring i lønskostnader fører automatisk til endring i pensjon og arbeidsgjevaravgift.

Pensjonskostnadene varierer svært mykje med den årlege reguleringspremien, som blant anna bygger på datolønsveksten. Både reguleringspremie, tilbakeføring av avkastning frå pensjonsfonda og premieavvik viser store variasjonar dei ulike åra og gjer budsjettertinga ekstra utfordrande.

Premieavviket<sup>1</sup> medfører ikkje kontanttransaksjonar, men må først slik myndighetene har bestemt. Inntektsføring av premieavvik blir inntektsført, avsett og ført motsett veg neste år. Føringane går i 0 over 2 år, men påverkar netto driftsresultat det einskilde år. Premieavviket påverkar dei sosiale kostnadene og netto driftsresultat, men blir utjamna mot fondsføring, slik at dei normalt ikkje påverkar budsjettbalansen.

Årleg reguleringspremie<sup>2</sup> pensjon er ofte høg ved lønnsoppgjjer og låg ved mellomoppgjjer. Dei åra vi har låg reguleringspremie, så har vi avsett midlar for å bruke dei i åra det er høg reguleringspremie. På denne måten får vi jamna ut svingingane i reguleringspremien.

## 2.2.4. Kraftinntekter

Skjåk kommune får årlege kraftinntekter som styrkar driftsnivået og gjev fast inntekt på næringsfondet. Oppstilling av kraftinntektene er som følger;

		2018 Bud	2017 B	2016 R
Avtalekraft og konsesjonskraft	Drift	9 900 000	9 900 000	13 200 000
Eigedomsskatt	Drift	14 630 000	15 400 000	16 625 536
Konsesjonsavgift	Næringsfondet	7 300 000	7 240 000	7 288 194
Naturressursskatt	Drift (red inntektsutjamning)	12 000 000	12 000 000	11 766 161
Sum brutto inntekter frå kraft		43 830 000	44 540 000	48 879 891
Avdrag og renter avtalekraft	Drift	-2 650 000	-2 804 000	-2 855 472
Reduserte rammeoverføringar	Drift (stipulert red innt.utjamning)	-11 400 000	-11 400 000	-11 177 853
Sum netto inntekter frå kraft		29 780 000	30 336 000	34 846 566

Inntektene er kraftig redusert frå 2016, mest overføringar frå Skjåk energi, men også eigedomsskatt.

<sup>1</sup> Premieavvik er teknisk føring av differansen mellom innbetalt premie med fradrag for berekna pensjonskostnad i pensjonskassene og går i 0 over 2 år.

<sup>2</sup> Reguleringspremie er ei årleg innbetaling for å justere opp opparbeida pensjonsmidlar etter lønnsauke mm.

# Økonomiplan 2018 - 2021

Kraftinntektene har vore stabile gjennom avtala med Skjåk Energi, men over tid kan inntektene variere med pris på kraft, rentenivå og nedbør i Skjåk. I 2017 måtte vi redusere overføringane frå Skjåk kommune med 3,3 millionar kroner, frå 13,3 millionar kroner til 9,9 millionar kroner.

I 2017 og 2018 har eigedomskatteinntektene gått ned. Staten tek inn meir på grunnrenteskatt, som kjem til frådrag på grunnlaget for eigedomsskatt. Dette aukar inntektene til staten og reduserer inntektene til kommunane. Lønnsemd på sal av kraft er kraftig redusert dei siste åra og dette reduserer i tillegg eigedomsskatten. Regjeringa har varsla at det ligg inne forslag om å ta produksjonslinjer, maskiner og elektronsike anlegg ut av eigedomsskattegrunnlaget, noko som også vil redusere eigedomsskatten ytterlegare frå 2019.

## 2.3. Investeringar

### 2.3.1. Samleoversikt

Investeringer bruttokostnader		Ans	Ten	Prosj	2018	2019	2020	2021
Ny barneskule (rebudsjettering år 3)	1	430	2220	777	28 438 000			
Barnehagar strukturelle endringar	2	430	2210	778			37 284 000	
Skamsargjeilen avlastnings- og omsorgsbustader	3	430	2651	200	26 900 000			
Carporter omsorgsbustader ved Brannstasjor	4	430	2650	204		600 000		
Skjåkhallen	5	430	3810	420		25 388 000	11 906 000	29 140 000
Flombelysning Bismo stadion	6	430	3810	287		1 000 000		
Marlo Grendahus - opprusting til kulturstugu	7	430	3860	440		5 000 000		
Sentrumsplan	8	102	3350	411	1 000 000	3 000 000		
Skei tomteområde, trinn 3	9	102	3155	410	4 285 000			
Ofossen bru, reperasjon og opprusting	10	420	3331	269	3 200 000			
Utskifting av gateljosarmatur	12	420	3333	228	300 000	500 000	500 000	500 000
Regiondata	13	150	1205	115	463 000	150 000	150 000	150 000
Bilpark	14	310	2543	298	500 000	500 000	500 000	500 000
Eigenkapitalinnskott KLP	15	600	1720	615	700 000	700 000	700 000	700 000
Avdragsutgifter startlån	16	600	2833	601	1 300 000	1 350 000	1 400 000	1 500 000
Renovering og tilbygg Bismo vassverk	17	420	3401	416		300 000	7 000 000	
Øyberget - høgdebasseng og ny kjelde	18	420	3403	292	900 000			
Uppnose - nytt vassverk inkludert prosjekterin	19	420	3404	293		200 000	5 000 000	
Bismo avløpsnett, utbetre ledningsnett og kur	20	420	3531	413				3 000 000
Aurmo avløpsnett, utbetre ledningsnett og kur	21	420	3532	414				2 000 000
Sum totalt					67 986 000	38 688 000	64 440 000	37 490 000
Sum samla alle 4 år								208 604 000

Oversikta syner brutto kostnader per investering. Detaljane knytt til finansiering er omtala under kvart enkelt prosjekt eller går fram av budsjettboka. Det må arbeidast vidare med finansiering på prosjekta i perioden 2019 - 2021. Det må undervegs innarbeidast handlingsrom for renter og avdrag på fleire av prosjekta etter 2018. Det vil bli rebudsjettering på ombygging inne på institusjon i desember 2017. Tidligere vedtekne investeringar blir rebudsjettert i 2018 etter at årsoppgjøret 2017 er ferdig. Status vil gå fram av note 14 i rekneskapen 2017.

Det må leggjast fram eigne saker på Skamsargjeilen og Sentrumsplanarbeidet, når vi har fleire opplysningar om kostnader og finansiering.

Det er viktig at investeringsprosjekta fortløpande blir vurderte i lys av vedteken handlingsregel på gjeld og inndekning av avdrag og renter.

### *2.3.2. 1 - 10 skule*

I kommunestyresak 63 i 2016 gjorde kommunestyret det endelege vedtaket om 1-10-skule, og i medio juli 2016 sette bygginga i gang. Dei økonomiske føresetnadene går fram av kommunestyrevedtak 63. Det er ikkje rapportert avvik og framdrift er i samsvar med planar.

Skulen skal være klar til å takast i bruk frå hausten 2018.

### *2.3.3. Ombygging inne på Skjåkheimen*

Ombyggingsprosjektet er i hovudsak renovering og ombygging av alders- og sjukeheimsfløyen frå 1980-talet. Etter ombygginga vil Skjåkheimen ha 12 langtids plassar, 6 skjerma dementplassar, 7 opne dementplassar og 11 korttids-/rehabiliteringsplassar.

Prosjektet har ei brutto kostnadsramme på 29,9 millionar kroner. Det er gjeve tilsegn om investeringstilskot frå Husbanken på inntil ca. 15,7 millionar kroner.

Byggearbeida starta opp 1. juni 2017 og skal være ferdige innan 30.05.2018. Entreprisane er tildelt Fron bygg AS, Ottadalen Installasjon AS, Per Hagen AS og Nordvest Miljø AS.

I eit ombyggingsprosjekt vil det være ein stor fare for at det vil dukke opp uføresette kostnader. Det har også skjedd i ombygginga på Skjåkheimen og det er lagt inn ein buffer i prosjektbudsjettet for å fange opp slike utfordringar. Om denne bufferen er stor nok, er det for tidleg å seie noko om.

### *2.3.4. Skjåkhallen*

Skjåkhallen er den viktigaste sosiale møteplassen i Skjåk og samlar hundretals barn, ungdom og vaksne kvar veke til ulik fysisk aktivitet på tvers av interesser og alder. Ein slik møteplass med tilhøyrande aktivitetstilbod utgjør ein sterk positiv faktor innan det offensive proaktive folkehelsearbeidet.

Skjåkhallen er eit solid bygg, men etter å ha vore i drift i nærmare 40 år utan større påkostingar, er tida komen for bygningsmessige utbetringar og utskifting av tekniske installasjonar. Dersom ikkje renovering av Skjåkhallen blir prioritert nå vil ein merke aukande forfall, bygget og dei tekniske installasjonane vil snart være umoglege å drifte.

Sintef Byggforsk vart i 2017 bestilt til å utrede tilstanden til betongkonstruksjonar og fliskledde flater i symjehallen. I følgje rapporten som er utarbeida av Sintef Byggforsk er tilstanden på desse bygningsdelane gode og vil fungere ei fleire år med regelmessig vedlikehald. I tillegg gjorde Sintef Byggforsk ei vurdering på dei tekniske installasjonane, der dei tilrår ei oppgradering. Sintef Byggforsk er kritiske til driftsforma med stadig endring av temperaturen i bassengvatnet.

# Økonomiplan 2018 - 2021

I kommunestyresak sak 23/17 vart det gjort vedtak på å utarbeide eit kostnadsoverslag for renovering av eksisterande bygg, inkludert ENØK-tiltak, oppgradering av branntekniske løysingar og dusj-/garderobeløysingar for personer med nedsett funksjonsevne. Kostnadsoverslaget skulle byggjast opp slik at renovering skal kunne skje etappevis.

Nordplan AS ble engasjert for å tilpasse skisseprosjektet frå 2014 til å gjelde renovering av bygget med de tilpassingar som ligg i mandatet og nytt kostnadsoverslag. I tillegg til renovering av bygget har tilbygg for terapibasseng vore vurdert. Likeså påbygg på taket over midtfløy for matte- og styrketrening. Kostnadsoverslaget har følgjande oppbygging:

INVESTERING	Byggetrinn 1. Vestfløy (svømmehall)					Byggetrinn 2. Terapibasseng	Byggetrinn3. Austfløy (idrettshall) og mellombygg				Totalt
	Renovering svømmehall	Teknisk rom og 2 etg.	Heis og HC garderobe	Garderober kjeller	Oppgrader til TEK 10		Oppgrader til TEK 10 og renovering	Hallgolv og tribune	Ny kiosk	Garderober mellombygg	
<b>KOSTNAD</b>											
Rammekostnad eks mva	5 534 386	5 306 853	2 026 560	2 232 000	5 210 706	9 524 403	16 960 000	1 000 000	520 000	4 832 000	53 146 908
Mva komp	1 383 596	1 326 713	506 640	558 000	1 302 677	2 381 101	4 240 000	250 000	130 000	1 208 000	13 286 727
Rammekostnad inkl mva	6 917 982	6 633 566	2 533 200	2 790 000	6 513 383	11 905 504	21 200 000	1 250 000	650 000	6 040 000	66 433 635

Ein del av desse tiltaka vil kunne delfinansierast med spelemidlar og det er sendt søknad om idrettsfunksjonell godkjenning. Terapibasseng kan delfinansierast med spelemidlar dersom minstemålet er på minimum 12,5 x 8,5 m. Terapibassenget som er kostnadsrekna i byggetrinn 2 er på 57 m<sup>2</sup> og fell derfor utafør minstemålet for spelemiddelfinansiering. Enøk-tiltak vil kunne delfinansierast med ENOVA-midlar.

Finansiering vil etter oppstilling over sjå slik ut, dersom ein får om lag 1/3 i tilskot;

INVESTERING	1 trinn	2 trinn	3 trinn	Totalt
	Sum	Sum	Sum	Sum totalt
<b>KOSTNAD</b>				
Rammekostnad eks mva	20 310 505	9 524 403	23 312 000	53 146 908
Mva komp	5 077 626	2 381 101	5 828 000	13 286 727
Rammekostnad inkl mva	25 388 131	11 905 504	29 140 000	66 433 635
<b>FINANSIERING</b>				
Mva.komp	-5 077 626	-2 381 101	-5 828 000	-13 286 727
Spelemidlar	-6 702 467		-7 692 960	-14 395 427
Enovastøtte				
Lån	-13 608 038	-9 524 403	-15 619 040	-38 751 481
Sum finansiering	-25 388 131	-11 905 504	-29 140 000	-66 433 635

Kor mykje vi får i spelemidlar er usikkert og dette kan bli mindre enn det som er stipulert.

## Driftsøkonomiske konsekvensar

Totalrenovering av Skjåkhallen vil automatisk føre til ei oppgradering av dei byggtekniske konstruksjonane til TEK 10/17. Dette vil mellom anna føre til tilleggsisolering av yttertak og ytterveger, noko som vil gi gevinst i lågare fyringsutgifter. Energiforbruket i Skjåkhallen er stort i dag og alt er basert på elektrisk oppvarming. Etter ei renovering vil ein stor del av energien koma frå jordvarme.

Dei tekniske installasjonane i Skjåkhallen er alle modne for utskifting. Installasjonane er tunge og drifte, treng tett oppfølging for å fungere som dei skal og det har etter kvart vorte vanskeleg å få tak i reservedelar når noko ryk sund.

# Økonomiplan 2018 - 2021

---

Det er forslag om å bygge eit terapibasseng (byggetrinn 2) i tilbygg til symjehallen som skal halde konstant temperatur på 34 grader. Slik som bassenget blir drifta i dag blir bassengvatnet varma opp til 34 grader ein dag i veka. Ved etablering av terapibasseng kan Skjåk kommune tilby varmtvassbading 7 dagar i veka.

Andre viktige moment i vurderinga knytt til terapibasseng er:

- Tempertursvingingar er svært uheldige for bassengkonstruksjonane.
- Varierende temperaturar er proporsjonal med vaierande avdamping, noko som gir ustabile driftsføresegner for ventilasjon- og avfuktingsaggregat.

Skjåk kommune kan kontinuerleg tilby å bade i varmt vatn når bassenget er ope.

Ei gjennomføring av heile investeringa vil påverke driftsbudsjettet med om lag 2 millionar kroner i avdrag og renter med 30 års avdragstid og 2% rente.

## *2.3.5. Vatn, avlaup og renovasjon*

Det er egne planar for vatn, avlaup og renovasjon både når det gjeld investeringar og vedlikehald.

Vegane i Skjåk er av ymse kvalitet, og det er behov for asfaltering. Dei kommunale bruene i Skjåk blir etter krav, inspiserte av eksternt firma kvart år. Dei avdekkjer ei rekke små feil, dei fleste estetiske. I 2018 er det planlagt å renovere brua ved Ofossen.

Dei fleste av gateljosa i Skjåk kommune er kvikksylvlampar, såkalla HQL-pærer. Desse er nå forbodne og dei er ikkje å oppdrive lenger. Kommunen har noko på lager, men dette held ikkje lenge. Om ikkje arbeidet med å skifte pærene kjem i gang vil det bli mørke gater i byggefelta i Skjåk. Ved skifte frå HQL til LED vil kommunen også kunne redusere straumutgiftene med ca. 2/3 samt at levetida til kvar pære blir mykje lenger.

Etter at Nye Bismo reinseanlegg vart ferdigstilt i 2016 og siste pumpestasjon av ei rekke pumpestasjonar vart renoverte, siste i vår, har det vore roleg med prosjekt på VA. Mykje av installasjonane på vatn og avløp er gode og oppdaterte, men vassverka i Bismo, Uppnose og Øyberget står ovanfor nødvendige oppgraderingar i tida som kjem. Øyberget vassverk må utvidast om ein skal kunne forsyne heile Dønfoss camping med vatn når dei er ferdig utvida. I tillegg ligg det inne forslag om å få omdisponert midlar som er attståande etter bygginga av nye Bismo reinseanlegg, til å rive det gamle reinseanlegget i Bismo og å sette opp eit kaldt lager ved det nye.

Det er stort fokus på leidningsnett frå sentrale hald. Nasjonale mål seier at 2 % av leidningsnettet skal skiftast ut kvart år. Landsgjennomsnitt for lekkasjar er på ca. 30 % og Skjåk kommune er nok ikkje mykje betre. Det er på tide å begynne å sjå på leidningsnettet, med utarbeiding av tilstandsrapport og saneringsplan. Elles så er arbeidet noko ein må ta over lang tid.

## *2.3.6. HFF bustader*

Arkitektfirmaet Jon Vikøren AS utarbeidde i 2016 skisseprosjektet for nye HFF-bustader. Vidare prosjektering var lyst ut i juli 2017 og Arkitektfirmaet Jon Vikøren AS vart tildelt kontrakt for prosjektering av HFF-bustadar i Bismo for totalentreprise.

Følgdene fristar ligger inne :

Forprosjekt med kostnadsoverslag (fase 1) : Frist 24.11.2017

Kravspesifikasjon (fase 2) : Frist 01.03.2018

---

# Økonomiplan 2018 - 2021

---

I skisseprosjektet vart det lagt opp til at det blir bygd 5 nye HFF-bustadar, 3 avlastningsbustadar, samt felles opphaldsrom og vaktrom. Dette forslaget legger grunnlaget for kravspesifikasjon til nye HFF-bustadar på same tomta. Grunngevinga for riving av eksisterande bustadar er i hovudsak at bustadane har ein teknisk dårleg standard og at planløyisingane til bustadane ikkje var formålstenlege for avlastning.

Skisseprosjektet for HFF-bustadar frå 2016 har vore vurdert av Husbanken, og det er kome positive tilbakemeldingar til prosjektet. Frå 2021 vil det berre bli gjeve investeringstilskot til nettovest av sjukeheimplassar og omsorgsbustadar. Investeringstilskot til ombygging og rehabilitering vil gradvis bli fasa ut år for år fram mot 2021. Det er derfor svært viktig at det blir fatta vedtak om bygging av HFF-bustadar i 2018 for å få størst mogleg utteljing på søknad om investeringstilskot.

## *2.3.7. Barnehagestruktur*

I desember 2016 vedtok kommunestyret i Skjåk å setja ned ein plankomité for utgreiing av alternativ barnehageutbygging. Mandatet var at plankomiteen skulle leggje fram forprosjekt for eit kostnadseffektivt ombygging/tilbygg/nybygg for å sikre tilstrekkeleg barnehagekapasitet i Skjåk kommune. Plankomiteen skulle utarbeide forslag til to alternativ:

- A. Ein barnehage i Bismo
- B. To barnehagar. Dønfoss og Bismo.

Plankomiteen har utarbeida kalkyler med to alternativ til plassering av barnehagen i Bismo. Det eine på eksisterande tomt og det andre på heilt ny tomt i Hulderhaugen. Val av alternativ og framdrift i saken bli handsama i eigen politisk sak hausten 2017.

## *2.3.8. Tomteområde*

Aurmo og Uppnose har ledige utbyggingsklare tomter. I Bismo vart det i trinn 2 for Skei lagt til rette for 21 nye bustadtomter ovafor Skjåkheimen. 6 av desse er øymerka kommunalt bruk og 7 er alt bebygde. Det er da att 8 tomter og 2-3 av desse er vanskeleg å få selt, fordi dei er bratte og har dårleg grunn. Trinn 3 vil gje 10 nye tomter ovafor det gamle gardstunet i Skei. Kostnadsoverslaget er på 4,285 millionar kroner.

Området som er omfatta av tidlegare Skamsar camping er under omregulering og vil gje 7 bustadtomter og eit areal på 4 dekar som er tenkt nytta til omsorgsbustader.

Kommunen har erverva arealet til omsorgsbustader og dei 5 tomtene som ikkje er bygd på og det er enkelt å gjera området byggjeklart.



## *2.3.9. Sentrumsplan*

Kommunestyret godkjente i 2011 revidert sentrumsplan for Bismo som inneheld både nye tiltak og vedlikehald av eksisterande infrastruktur. Det er viktig å ha eit attraktivt kommunesentrum både for at dei som bur her skal trivast og for



at gjennomreisande skal stoppe her. Av større tiltak er fortau langs nordsida av riksveg 15, ny bussterminal, ny bussoppstillingsplass ved ungdomskulen og skatepark gjennomført.

Av større tiltak står att:

- Opprusting på Skeimoplassen (rehabilitering av belegningsstein)
- Gangstig langs Fjuken
- Plass med vasspeil og aktivitetsmoglegheiter ved kjøpesenteret
- Oppstramming av parallellveg forbi kjøpesenteret
- Tiltak langs gangveg lengst vest i Bismo (busslommer, beplantning)

Tiltaket med vasspeil og aktivitetsområde ved Kjøpesenteret kan vise seg vanskeleg å gjennomføre da det legg beslag på stort parkeringsareal, og Skjåk kjøpesenter har signalisert at dei ikkje ynskjer dette her.

I 2017 har ei arbeidsgruppe lagt fram ein rapport for tiltak som supplerer gjeldande sentrumsplan.

## 2.4. Balansepostar

### 2.4.1. Eigedomar og anlegg

Skjåk kommune har over tid bygd og teke godt vare på sine anlegg. Kommunen er liten i folketal, men har ei stor og funksjonell bygningsmasse, langt betre enn kommunar som er vesentleg større enn oss. Kommunehuset og ungdomskulen er renovert. Kommunen har snart ein heilt nytt skuleanlegg. Barnehagestrukturen er til vurdering og to av kommunen sine 3 bygg er funksjonelle og gode.

Institusjonsbygget er i svært god stand, og ombygging inne på institusjon nærmar seg slutten. Kommunen har 63 bustadar, dei fleste i god stand. Det blir arbeid med forprosjekt på HFF bustadar. Bustadplan omtalar og bustadar til vanskelegstilte, ungdomsbustadar og overgangsbustadar. Skjåkhallen er klar for renovering og det må undervegs vurderast i kor stort omfang ein må renovere anlegget.

### 2.4.2. Fond

Fondsituasjon er slik for udisponert kapital;

- På næringsfondet står det igjen vel 1,275 millionar kroner etter løyvingar til og med oktober. Fondet får påfyll med om lag 7,3 millionar kroner ved årsskifte. Grunnfondet er på 2,180 millionar kroner.
- Det er igjen 470 000 kroner disposisjonsfondet etter oktober.
- På ubunde investeringsfond står det igjen vel 2 millionar kroner etter oktober. Midlane blir brukt til investeringar i 2018.

Det blir lagt fram full oversikt over fonda både samla og på detaljert nivå når rekneskapen for 2017 blir lagt fram.

# Økonomiplan 2018 - 2021

## 2.4.3. Arbeidskapital

Arbeidskapitalen omfattar omlaupsmidlar som bankinnskot, fordringar og premieavvik, med frådrag for kortsiktig gjeld og ubrukte lånemidlar. Dette tilsvarar likviditetsreserve, fond og siste års resultat. Kommunen sin arbeidskapital har utvikla seg slik dei siste 5 åra;

<b>Kortsiktig egenkapital - arbeidskapital</b>	<b>2016</b>	<b>2015</b>	<b>2014</b>	<b>2013</b>	<b>2012</b>
Omløpsmidler	125 361 537	120 926 443	142 551 959	129 667 242	111 506 781
Kortsiktig gjeld	-36 116 558	-34 156 329	-29 897 693	-27 458 422	-28 578 590
Ubrukte lånemidler	-20 341 717	-19 576 800	-37 690 230	-23 686 284	-13 066 190
<b>Arbeidskapital aktiva</b>	<b>68 903 262</b>	<b>67 193 314</b>	<b>74 964 036</b>	<b>78 522 536</b>	<b>69 862 001</b>
Likviditetsreserve	-16 139 000	-14 195 984	-15 839 000	-15 639 000	-15 139 000
Fondsmidler	-47 177 925	-46 550 751	-51 236 557	-52 704 385	-50 761 620
Rekneskapsmessig overskot/ underskot	-5 586 336	-6 446 579	-7 888 479	-10 179 151	-3 961 381
<b>Disponible midlar passiva</b>	<b>-68 903 261</b>	<b>-67 193 314</b>	<b>-74 964 036</b>	<b>-78 522 536</b>	<b>-69 862 001</b>

Skjåk kommune har hatt god arbeidskapital over tid, blant anna på grunn av høg likviditetsreserve, men den er redusert sidan 2013. Det blir ny oppdatering med 2017 når rekneskapsrapporten bli avlagt.

Arbeidskapitalen blir redusert på grunn av reduksjon i overførte ubrukte lånemidlar og reduserte bankinnskot i perioden 2018 - 2021. Det er lagt opp til fondsbruk og dette reduserer også omløpsmidlane. Nye låneopptak kan midlartidig påverke ubrukte lånemidlar og bankinnskot, dersom prosjekta går over 2 kalenderår eller meir.

Premieavvik<sup>3</sup> pensjon påverkar arbeidskapitalen positivt, spesielt i 2020, men her kan det kome nye prognoser.

## 2.5. Framtidsutsikter

Skjåk kommune er på mange måtar godt budd på framtida med gode anlegg, høge kraftinntekter og høgt driftsnivå på tenestene.

Det er likevel store utfordringar og disse har vore aukande. Folketalet går ned og dette reduserer inntektene. Frå 2017 fekk kommunen redusert overføringane med 3,3 millionar kroner frå Skjåk energi. Eigedomsskatten går ned på kraftanlegg dei siste to åra, sjølv om den held seg bra på Øyberget og Framruste. Frå 2019 ligg det inne forslag om å redusere grunnlaget for eigedomsskatt på elektroniske anlegg, maskiner og produksjonslinjer.

Det blir gjennomført store investeringar og det er ynskje om ytterlegare store investeringar. Renter og avdrag aukar. Vidare er det vedtak om å redusere bruken av næringsfond internt, for å auka satsinga på bedrifter og landbruk. Kostnadene til enkelte brukarar har auka kraftig den seinare tid. Noko av kostnadsauken blir dekt av tilskot.

Nedgang i inntektene kombinert med kostbare investeringar og auka kostnader på enkelte område, gjer det utfordrande å få balanse i budsjettet. Vi må heile tida arbeide for å frigjere handlingsrom gjennom å effektivisere driftsnivået.

Det er viktig at kommunen fylgjer handlingsreglane, da disse fastset lånegjelda på eit høgt nivå og netto driftsresultat korrigert for momskompensasjon på eit lågt nivå. Eit korrigert negativt netto driftsresultat er ikkje berekraftig.

Vi har oppnådd og vil oppnå ytterlegare effekt av strukturelle endringar, både i omsorgstenester, ny struktur på skule og eventuelt barnehage. Meir samarbeid med andre kommunar og effektivisering kan og redusere kostnadene.

<sup>3</sup> Premieavviket medfører ikkje kontantstrøm, men er ein differanse mellom teknisk utrekning av kostnad og innbetalt premie

## 3. Medarbeidarar

### 3.1. Hovudmålsettingar

Personalet er kommunen sin viktigaste ressurs. Målet for personalpolitikken er å rekruttere, halde på og vidareutvikle arbeidstakarane. Dette for at kommunen som organisasjon kan drivast på ein effektiv måte, og gje best mogleg tenestetilbod til kommunen sine innbyggjarar.

Personalpolitikken skal leggast opp med sikte på høg grad av trivsel for å oppnå optimal utnytting av personalressursane.

Kommunen sine medarbeidarar skal vere løysingsorienterte. Leiarane skal oppmuntre til sjølvstende og i stor grad delegerer mynde. Leiinga skal og oppmuntre til nytenking og toleranse.

Kommunen har vedteke etiske retningslinjer som skal bidra til bevisstgjerjing av medarbeidarar og politikarar som utfører arbeid eller oppdrag for kommunen. Våre holdningar og handlingar påverkar den tilliten som innbyggjarane skal ha til kommunen, og vi har alle eit personleg ansvar for korleis vi oppfører oss. Ein open kultur for å samtale om etiske spørsmål og dilemma er nødvendig for å utvikle eit godt etisk og fagleg skjøn.

### 3.2. Arbeidstid og heiltidskultur

Omgrepet «ufrivillig deltid» har den seinare tida endra ordlyd til «heiltidskultur». I det ligg ein intensjon om at det er heiltid som skal vera utgangspunktet og norma – deltid er unnataket. Skjåk kommune har dei siste åra arbeidd aktivt i lag med dei tillitsvalde for å redusere ufrivillig deltid og etablere ein heiltidskultur. Heiltid er også ei satsing gjennom arbeidet med plan for arbeidsgjevarpolitikk og –strategi. Vi hadde ei kartlegging av ufrivillig deltid i pleie og omsorg våren 2016. Vi ser at vi framleis har nokre tilsette som ynskjer seg opp i stilling, men at omfanget er langt mindre enn for nokre år attende.

Ved tilsetjing i nye stillingar ser arbeidsgjevar i lag med dei tillitsvalde om det kan vere fortrinnsberettiga i forhold til reglane i Arbeidsmiljølova. Som det går fram av lova i § 14-3 har deltidstilsette fortrinnsrett til utvida stilling framfor at arbeidsgjevar fortek ny tilsetjing. Deltidstilsette som siste 12 månader jamleg har arbeidd utover avtalt arbeidstid kan også ha rett på utvida stilling.

Det vert ved alle utlysingar av ledige stillingar vurdert korleis ein kan få til størst mogleg stillingsstorleik, m.a ved å slå saman fleire mindre stillingar. Deltidsstillingar er ikkje gunstig for korkje drifta, brukarane, arbeidsgjevar eller arbeidstakar.

### 3.3. Fråvær

Skjåk kommune er ei IA-kommune som jobbar målretta for å redusere sjukefråvær blant sine tilsette og styrke arbeidet med tilrettelegging, både for å unngå sjukmeldingar, og for å lette attendeføring av sjukemeldte til jobb. I dette arbeidet er relasjonen mellom den enkelte arbeidstakar og næraste leiar særst viktig. Samarbeid og samhandling med fastlege, NAV og bedriftshelseteneste er også viktig i dette arbeidet.

Skjåk kommune har hatt eit varierende sjukefråvær dei siste åra. Ved utgangen av september 2017 er fråværet så langt dette året på om lag 6,2 %. Dette er lågare enn det var på same tid i 2016.

Forskning viser at det ikkje er enkle faktorar som forklarar sjukefråvær. Dette er eit samspel mellom arbeidstakar, leiar, lege og NAV, og det vil kunne vere både private og arbeidsplassrelaterte grunngevingar. Likevel vil sjukefråvær koste samfunnet og arbeidsplassen store summar kvart år, i tillegg til at det er ei b r for den enkelte sjukmeldte. Det er viktig   presisere at folk m  kunne vere sjuke og f  ei adekvat medisinsk behandling, og at dei er sjukmeldte som ein del av det.

Generelt kan vi seie at korttidsfr v ret i Skj k er ganske l gt, det er langstidsfr veret som dreg opp statistikken mest. Vi har ogs  enkelte tenestemr de som har h gare fr v er enn andre.

### 3.4. Kompetanseutvikling og rekruttering

Skj k kommune arbeider med kompetanseplanlegging i forhold til kompetansebehovet i tenestene og behovet for kompetanseutvikling/rekruttering p  stutt og lengre sikt. Enkelte tenestemr de er noko lenger kome enn andre, som skule og barnehage.

Rekruttering og kompetansetiltak blir ofte lite m lretta og tilfeldig, dersom ein ikkje vurderer dette systematisk ut fr  oppg ver og behov for kompetanse i tenestene. Kompetanseutval med r dmann, ass. r dmann, kommunalsjefar, personalkonsulent og hovudtillitsvalde handsamar s knadar fr  tilsette som s kjer om st tte til utdanning. Ein del utdanningar p  ulike omr de, (gjeld til d mes kompetanse for kvalitet for l rarar), har eigne reglar for ekstern finansiering.

I ein del tilfelle er det aktuelt   leggje til rette for intern kompetanseheving innan, eller p  tvers av, tenestemr da. Samarbeid p  tvers av kommunegrenser kan ogs  leggje til rette for kompetanseutvikling innan enkelte omr de. Den digitale utviklinga gjer at det etter kvart er enklare   fylgje oppl ring og undervisning over nettet. Dette er ofte rimelegare og krev mindre reising enn tradisjonelle opplegg. E-l ring gjev nye moglegheiter for kompetanseheving innan mange felt.

#### L rlingar

Tilrettelegging av tilbod til l rlingar, og tilrettelegging for   ta imot l rlingar er viktig. Det er mange grunnar for   ta imot l rlingar. Dette er viktig i rekrutteringssamanheng, og kommunen har eit samfunnsansvar for   legge til rette for at ungdom har skuletilbod og kan f  fagbrev. Det   ta inn l rlingar er med p    stimulere til kvalitetsutvikling av tenestene v re, og l rlingane er ein viktig ressurs som medarbeidarar i kommunen.

Det har den siste tida vore fokus p    auke talet p  l replassar, og ved   leggje til rette med fleire og gode l replassar i kommunen vil dette vere ein del av omd mmebygging for Skj k kommune. Ved utgangen av september 2017 har vi 7 l rlingar totalt. Dette er fordelt p  3 ulike fag. 2 p  IKT-servicefag, 2 barne- og ungdomsarbeidarar og 3 helsefagarbeidarar. Skj k kommune er godkjent l rebedrift i totalt 6 fag, dette er barne- og ungdomsarbeidar, helsefagarbeidar, kontor- og administrasjonsfag, IKT-servicefag, institusjonskokk og dataelektronikkfaget. Vi har ein intensjon om   ta inn totalt 4 nye l rlingar kvart  r i  konomiplanperioden, og desse skal vere fordelt p  ulike fag.

## 4. Presentasjon av hovudområde


### 4.1. Administrasjon og støttefunksjonar

Rammer per ansvarsområde		Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
		2018	2019	2020	2021	2017
100	RÅDMANN	7 089 000	6 806 000	6 806 000	6 806 000	7 096 000
101	KULTUR	1 687 000	1 492 000	1 492 000	1 492 000	1 912 000
102	PLAN, MILJØ OG BERDEDSKAP	4 248 000	4 172 000	4 172 000	4 172 000	4 813 000
103	PERSONAL OG ORGANISASJONSUTVIKLING	1 897 000	1 897 000	1 897 000	1 897 000	1 587 000
104	ØKONOMI	3 463 000	3 463 000	3 463 000	3 463 000	3 411 000
150	ASS. RÅDMANN OG STØTTEFUNKSJONAR	11 157 000	10 204 000	10 204 000	10 204 000	11 232 000

#### 4.1.1. Støttefunksjon

Støttefunksjon er samansett av Servicetorget, Skjåk folkebibliotek, IT-tenesta for Lom og Skjåk og Tildelingskontoret for Lom og Skjåk.

Felles for tenestene i Støttefunksjonen er at dei er til for brukarane både internt og ut mot publikum.



Støttefunksjon har heile tida jobba aktivt for å digitalisere arbeidsforma og tenestene ut mot publikum, dette i tråd med digitaliseringsstrategien som no er vedteke. Dei tilsette i Støttefunksjon er pådrivarar for å få resten av organisasjonen til å digitalisere sitt arbeid for å bli meir effektive og kunne yte betre tenester mot publikum. Som resultat av dette ser vi ei stor innsparing i porto- og skyssutgifter for Skjåk kommune. Støttefunksjon har vore pådrivarar for innføring av elektronisk forsending av post og at møte blir halde via Skype for business.

I budsjettet ligg det kutt både på Tildelingskontoret, Servicetorg/Arkiv og Biblioteket. Dette vil krevje gjennomgang av kva oppgåver dei to tenestene skal ta ansvar for og korleis dei skal organisere arbeidet sitt i framtida. Kutta blir beskrive under den enkelte tenesta.

#### Skjåk folkebibliotek og Studiesenteret

Skjåk folkebibliotek er ein uformell møteplass for alle. Skjåk folkebibliotek er ein god og viktig kulturformidlar og har mange arrangement. Vi ligg over gjennomsnittet for Norge når det gjeld utlån og besøk. 11 000 besøk i året. Aktive lånarar har auka det siste året. Bokbussen er flittig brukt av skulane.

# Økonomiplan 2018 - 2021

---

Opningstida er 22 t pr veke, fordelt på 5 dagar. Turistinformasjonen (under budsjettet for næring til no) har gjeve moglegheit for sommarope med auka opningstider, eit betre tilbod til publikum. Biblioteket er ein viktig møteplass om sommaren.

I budsjettet for 2018 er midlar til laurdagsope bibliotek teke ut. Dette betyr at biblioteket blir stengt laurdagane. Tilbodet til lånarar og dei som brukar biblioteket som møteplass i mangel på andre møteplassar blir dårlegare. Laurdag er den dagen det er flest som brukar biblioteket.

For å klare å halde ope på kveldstid og laurdagar og møte krav som ligg i Forskrift i opplæringslova §21.1 er det naudsynt å styrke Skjåk folkebibliotek med 100% stilling som barne- og ungdomsbibliotekar. Slik kan vi møte behovet som kjem når det blir 1-10 skule i Bismo. Det er verdt å merke seg at det ikkje er funne rom for dette i økonomiplanperioden.

Studiesenteret blir mykje brukt av vaksne studentar, turistar og andre, til datakurs i regi av biblioteket, andre interne og eksterne kurs og som møterom. Ein bør sjå på korleis rommet kan oppgraderast, utviklast og brukast til fleire føremål, dette er det ikkje funne rom for i økonomiplanen.

## IT Lom og Skjåk

Samtlege tilsette i Skjåk er avhengige av IT-tenesta for å kunne yte dei tenestene dei skal til publikum og brukarar. Kommunale digitale tenester må haldast operative slik at dei tilsette har dei digitale verktya dei treng. Lom og Skjåk har felles IT-teneste der Skjåk er vertskommune, og er del av det regionale samarbeid gjennom Regiondata.

Kommunane har vedteke ein regional digitaliseringsstrategi, som set mål om fulldigitaliserte innan 2020. IT-tenesta er viktige samarbeidspartnarar for gevinstrealisering. Det lyt vere vilje til å investere for framtidig innsparing med felles aksept og forståing for at den digitale arbeidsplassen skal bli digital. Digitalisering er å skjønne som organisasjonsutvikling, noko som gjer det naudsynt med kompetanseheving i heile organisasjonen.

Vi må motarbeide avstandsulempene våre (eksempelvis SkypeForBusiness frå 2016), jobbe for å halde arbeidskritisk verkty (=datamaskiner) oppdatert for tilsette og elevar, samt fylgje med i den digitale utviklinga og kunne yte best mogleg tenester til brukarane.

Resultatet av ein gamal datapark er mellom anna:

- Større belastning på support (=timer som kunne vore brukt til utvikling) og frustrasjon for tilsette/elevar.
- Mindre tenesteproduksjon, større kommunal kostnad i form av tapt arbeidstid.
- Skjåk kommune vert ein mindre attraktiv arbeidsgjevar

Pr i dag er det 2 fast tilsette i IT Lom og Skjåk, dette utgjer 1 årsverk i Skjåk. I tillegg deler Lom og Skjåk på ein lærling, samt at Skjåk har ein eigen IT-lærling i vår organisasjon.

Mao har Skjåk p.t. 1 årsverk på IT som skal betene alle tilsette og elevar i Skjåk kommune. Det er anbefalt at ein har ein dataansvarleg pr 65-150 eining i ein organisasjon. I Skjåk har vi 450 einingar + alle smarttelefonane som skal synkroniserast på ein tilsett. Det er eit ynskje både frå tenesta sjølv og tenestene som er avhengig av IT sine tenester at IT-tenesta blir styrka med 50% i kvar kommune, mao 1 årsverk til saman. Dette har vi ikkje funne plass til i budsjettet for 2018.

Ved overgang til 1-10-skule forventar vi ei stor innsparing når det gjeld linjeleige til kommunale bygg i Bismo. Denne innsparinga kjem for fullt fyrst i 2019.

# Økonomiplan 2018 - 2021

---

## Servicetorg og arkiv

Servicetorget er det dei fleste møter når dei tek kontakt med Skjåk kommune. Dei tilsette i servicetorget er gode på service både ut mot publikum og internt i kommunen. Det meste som skjer i Skjåk kommune er på ein eller annan måte innom servicetorget, t.d. på telefon, gjennom post, e-post og arkivsystemet eller skranke.

På Servicetorget finn ein i tillegg til skrankefunksjonane, arkiv, bustadsosialt arbeid, politisk sekretariat og administrasjon av kommunale bygg

Skjåk kommune var tidleg ute med å ta i bruk digital forsending frå kommunen til publikum. I løpet av hausten 2017 og våren 2018 koblar vi fleire fagsystem mot digital forsending (KS SvartUT). På denne måten vil korrespondansen med brukarane/innbyggjarane bli sikrere, samt det vil redusere portoutgiftene. Samstundes vil det og bety at dei tilsette på Arkiv får fleire oppgåver med tanke på eit meir heilheitleg arkiv i kommunen. I løpet av våren 2018 vil publikum kunne henvende seg til kommunen gjennom digital forsending.

Det er lagt inn eit stillingskutt på Servicetorg/Arkiv frå september 2018. Vi må ha ein gjennomgang av kva oppgåver som skal ligge til Servicetorg/Arkiv og sjå på organisering av oppgåvene dei skal ha. Det er planlagt nytt arkivsystem frå januar 2019, arbeidet med innføring av dette og avslutning av det gamle vil skje i 2018. Det er venta at dette blir ein arbeidskrevjande prosess.

## Tildelingskontoret Skjåk og Lom

Tildelingskontoret er eit forvaltningsorgan som handsamar alle søknader innan pleie- og omsorgstenesta i Lom og Skjåk kommune. Dei fattar vedtak om tenester og tildeler parkeringsbevis og transporttenester. I tillegg er koordinerande eining ein lovpålagt funksjon som er lagt til Tildelingskontoret.

Det er aukande forventning om tildeling av ulike tenester, samt at publikum er meir bevisst sine rettar. Det krev brei fagleg kunnskap innan sjukepleie, ergonomi, sakshandsaming, eigenbetaling og juss for å fatte gode og rette vedtak.

Innanfor dagens rammer er det ikkje nok rom for fagleg oppdatering og utvikling av kvalitetssystem og prosedyrar på Tildelingskontoret. Den lovpålagte koordinerande rolla blir gjerne nedprioritert for å klare å halde fristar for tildeling av tenester innan Pleie- og omsorg. Om ein ikkje har nok ressursar til å gjere vederlagsberekning vil begge kommunane tape pengar som fylge av at dei ikkje får inn det dei har krav på frå brukarane. Vi ser at kommunane alt no tener på at dette arbeidet blir gjort grundig. Ein må syрге for nok ressursar til å unngå fristbrot for å oppdatere vedtak på tenester, ikkje oppdaterte vedtak kan føre til tapte inntekter og auka utgifter for kommunane.

For å styrke tildelingskontoret er det starta samtalar med Lom og Vågå for å sjå på eit felles Tildelingskontor for dei 3 kommunane. Som fylge av dette er det lagt inn eit kutt på 50% stilling på Tildelingskontoret frå 1.6.2018. Vi må starte prosessen med å slå saman kontora i januar.

## Økonomi

Avdelinga består av 4 årsverk, økonomisjef, medarbeidarar på løn, rekneskap og fakturering. 4 kommunar samarbeider om skatteoppkrevjarfunksjon og 6 kommunar samarbeider om arbeidsgjevarkontroll. Vågå kommune er vertskommune for samarbeid.

## 4.1.2. Miljø, plan og beredskap

Tenesta er ein stabsfunksjon under rådmannen og utgjer 3 årsverk med desse hovudarbeidsområda:

- Plan, utbyggingsområder, byggesak, brann og beredskap
- Naturforvaltning, miljøvern og kraft
- Kart og oppmåling

Bemanninga har vore stabil og det er ingen kjente større utfordringar framover.

På kart og oppmåling er det etablert eit godt samarbeid med Lom der kommunane hjelp kvarandre ved behov. På slutten av 2017 har det vore drøftingar med Vågå med tanke på samarbeid i alle tre Ottadalskommunane.

På beredskapsområdet har vi overordna beredskapsplan og risiko- og sårbarheitsanalyse godkjent av kommunestyret i 2016.

### Planstrategi

For kvar valperiode skal det utarbeidast ein planstrategi som viser kva planer kommunen vil prioritere i perioden. Det skal takast omsyn til Nasjonale forventningar i dokumentet. Planstrategien for Skjåk vart vedteke hausten 2016.

### Kommuneplan

Kommunestyret har vedteke at både samfunnsdelen og arealdelen av kommuneplanen skal reviderast og planlagt vedteken i oktober 2016. Plan, miljø og beredskap vil ha hovudansvaret for arealdelen, samfunnsdelen vil bli spreidd på fleire områder men næringssjef har hovudansvaret.

Samfunnsdelen har vore ute til ettersyn og blir lagt fram for endeleg behandling ved årsskiftet 2017/18.

Når denne blir godkjent, blir arealdelen også lagt fram.

### Klimaplan

Gjeldande klimaplan vart godkjent av kommunestyret i 2010. Målet med planen er at kommunen skal bidra aktivt til at nasjonale målsettingar blir nådd når det gjeld energiomlegging, energieffektivisering, reduksjon av klimautslepp og betre utnytting av ressursane i vasskraft og skog.

Planen har ei rekke tiltak som krev løyvingar. To større tiltak er løyst, det er omlegging av energibruk ved Glasitt til vasskraft og bygging av ladestasjon i Bismo. Enda ein større ladestasjon for Tesla er under bygging på Skeimoplassen. Energieffektivisering på kommunale bygg er teke med i budsjettframlegg til teknisk drift.

Bygging av biobrenselanlegg i Bismo har så langt vist seg vanskeleg å gjennomføre fordi kommunen da misser tilsvarende mengde konsesjonskraft og eit slikt anlegg vil da vera ulønsamt.

Tiltak som ifølgje klimaplan bør iverksettast:

- Innkjøp av el-biler
- Innføring av miljøveke (informasjon) 50 000 kroner per år
- Enøk-tiltak private husstandar 100 000 kroner per år



# Økonomiplan 2018 - 2021

## Miljøstasjon

I samband med at Glasitt treng meir plass i industriområdet i Bismo og kommunestyret har vedteke å flytte denne til industriområdet i Aurmo. Den nye stasjonen er venta bli teke i bruk på slutten av året 2017.

### 4.1.3. *Oppsummering av viktigaste endringar frå 2017 til 2018*

Ansvar 100 -150 og 420 - 450 Rådmann	2017	2018	2019	2020	2021
Budsjett 2017	51 903 000	51 903 000	51 903 000	51 903 000	51 903 000
Auke avskrivningar VAR		1 343 000	1 343 000	1 343 000	1 343 000
Auke avskrivningar teknisk		2 452 000	2 452 000	2 452 000	2 452 000
Korrigert for deflator løn		1 289 000	1 289 000	1 289 000	1 289 000
Korrigert for auke pensjon		136 000	136 000	136 000	136 000
Netto driftsramme før tiltak	51 903 000	57 123 000	57 123 000	57 123 000	57 123 000

#### Endringar i 2018 i forhold til 2017

100 RÅDMANN		-94 000	-377 000	-377 000	-377 000
101 KULTUR		-63 000	-258 000	-258 000	-258 000
102 PLAN, MILJØ OG BERDEDSKAP		-670 000	-746 000	-746 000	-746 000
103 PERSONAL OG ORGANISASJONSUTVIKLING		278 000	278 000	278 000	278 000
104 ØKONOMI		-21 000	-21 000	-21 000	-21 000
150 ASS. RÅDMANN OG STØTTEFUNKSJONAR		-226 000	-1 179 000	-1 179 000	-1 179 000
420 TEKNISK VAR		-787 000	-942 000	-742 000	-642 000
430 TEKNISK DRIFT		20 000	1 171 000	1 313 000	1 537 000
450 LANDBRUK OG NÆRING		23 000	23 000	23 000	23 000
<b>Netto driftsramme</b>		<b>55 583 000</b>	<b>55 072 000</b>	<b>55 414 000</b>	<b>55 738 000</b>

#### Ansvar 100 – 104 Rådmann og stab


- Reduksjon i godtgjersle til politikarar med 270.000 kroner pluss sosiale kostnader i 2018 og 500.000 kroner pluss sosiale kostnader frå 2019.
- I 2017 er uspesifisert tiltak ikkje effektuert, da ingen medarbeidarar slutta.
- Ein tilsett sluttar på kultur og blir ikkje erstatta.
- Ein tilsett i servicetorget sluttar og blir ikkje erstatta.
- Tilsett på kart og oppmåling sluttar og blir ikkje erstatta. Det er lagt inn 100.000 kroner i kjøp frå nabokommune.
- Kostnadene til lærlingar auka noko.
- Biblioteket blir halde stengt laurdagar.
- Turistinformasjon er ikkje med i budsjettet, og må vurderast som næringsssak.

#### Ansvar 420 - 450 VAR, teknisk og næring

- 2017 oppstilling på VAR og Teknisk, er korrigert for endring i avskrivningar.
- Årsavgiftene på vatn er sett opp meir enn prisstigning. Renovasjon er samtidig sett ned. Differansen mellom 2018 og 2017 skuldast også at inntektene var budsjettet for lågt i 2017, da budsjettet for vatn var lagt før prisauken ble bestemt.
- Budsjettet til vedlikehald er om lag det same, men budsjettet er likevel styrka litt, da vi får mindretgifter til skulebygg, som blir avhenda.
- Landbrukskontoret er finansiert frå næring og ikkje drift, slik det var lagt opp til i utgangspunktet.

## 4.2. Oppvekst og utdanning

Leiarstruktur i Oppvekst og utdanning:



Oppvekst og utdanning omfattar barnehage, skule, kulturskule, flyktingteneste og vaksenopplæring.

1-10 skulen fekk våren 2017 namnet Skjåk barne- og ungdomsskule. Frå 1.august 2018 vil leiinga av skulen vere samansett av ein rektor 100% og to assisterande rektorar i 50%.

Rammer per ansvarsområde	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2017
200 OPPVEKST OG UTDANNING	5 696 000	4 656 000	4 656 000	4 656 000	5 580 000
201 FLYKTNINGAR	4 830 000	3 244 000	1 634 000	928 000	6 943 000
211 DØNFOSS BARNEHAGE	3 935 000	3 935 000	3 935 000	3 935 000	3 851 000
212 HOLEMORK BARNEHAGE	3 323 000	3 323 000	3 323 000	3 323 000	3 446 000
213 BISMO BARNEHAGE	4 067 000	4 067 000	3 512 000	3 512 000	3 736 000
220 SKJÅK BARNE OG UNGDOMSKULE	24 221 000	22 080 000	20 883 000	20 883 000	1 704 000
221 REKTOR NORDBERG BARNESKULE	0	0	0	0	10 067 000
222 REKTOR MARLO BARNESKULE	0	0	0	0	5 748 000
223 REKTOR SKJÅK UNGDOMSSKULE	0	0	0	0	10 336 000
240 KULTURSKULE	1 850 000	1 561 000	1 561 000	1 561 000	1 945 000

### 4.2.1. Barnehage

Skjåk kommune har i 2017 vert igjennom ei ned-bemanning i barnehagane. Kommunestyret vedtok ei bemanningsnorm på 5,7 plassar pr årsverk, basert på Opplandsgjennomsnitt ved årsskifte 2016/17. I tillegg vart bemanninga styrka med 1 årsverk fordelt på barnehagane. I tillegg til dette kjem ressursar til ungar med behov for særskild tilrettelegging.

Kommunestyret har tidlegare vedteke at Holemork barnehage skal leggest ned. I 2017 har det blitt utgreidd alternativ med ein felles barnhage, eller ein 4 avdelingsbarnehage i tillegg til fortsatt barnehage i Dønfoss (med to avdelingar). Det vart oppnemnd ei arbeidsgruppe som har greidd ut ulike alternativ.

#### Tidleg innsats

Tidleg innsats i barnehagen gjeld mellom anna å oppdage barn som har behov for ekstra hjelp tidleg, for eksempel gjennom spesialpedagogiske tiltak. Men og at personalet i det daglege arbeidet for at alle barna blir integrert sosialt og deltek i aktivitetar og meningsfulle fellesskap i barnehagen. Tilstreккеleg og kvalifisert personale som arbeider systematisk i det daglege og som har gode tverrfaglege møteplassar, der dei kan drøfte bekymring, observasjonar og dele

# Økonomiplan 2018 - 2021

---

erfaringar.

Ei pedagogisk psykologisk teneste (PPT) som støttar opp om arbeidet i barnehagen gjennom utedagar og konsultasjonar er døme på dette. Samarbeid med andre tenester som helsestasjon og fysioterapi er andre døme. Gode rutinar internt i barnehagen som sikrar deling av observasjonar og merksemd på det enkelte barns utvikling er grunnleggande.

Det er forslag om lovfesta nye nasjonale minimumsnormer for bemanning i barnehagen, generelt og for pedagogar. Dette er ikkje minst for å styrke tidleg innsats i barnehagen.

## Nye sentrale retningslinjer

Hausten 2017 vart ny rammeplan for barnehagane teke i bruk.

Rammeplanen gjev retningslinjer for barnehagen sitt verdigrunnlag, innhald og oppgåver. Alle barnehagar skal bygge verksemda på verdigrunnlaget og innhaldet som er fastsatt i barnehageloven, og på internasjonale konvensjonar som Norge har slutta seg til. Den gamle forskrifta om rammeplanen («Barnehagens formål og innhald»), gjeldande frå 1. august 2006 (heimla i § 2 i Barnehageloven) vil bli erstatta med ny.

Barnehagane deltek i arbeid med å implementere rammeplanen i drifta av barnehagane. Arbeidet er i regi av fylkesmannen.

Forslag til lovending i Barnehageloven om bemanning: Regjeringa har foreslege minimumsstandard for bemanning i barnehagen. Minimumskravet er foreslege til 6 plassar pr vaksen og ein pedagog pr 14 plassar.

Kommunestyret sit vedtak om bemanningsnorm i barnehagane i Skjåk, våren 2017, er innafør dette.

## Tiltak for å få 2018 budsjettet i balanse:

Pr november 2017 er det ikkje bemanning til å ta inn fleire ungar i barnehagen. Det er søkarar til ca 16 plassar frå 01.01.2018. Desse får ikkje plass før eventuelt ved hovudopptak i august 2018. Det er lagt inn styrking av bemanninga i budsjettet frå august, for å kunne fylle barnehagane med det talet plassar dei har kapasitet til. Kr. 458 000.

Det er lagt inn forventning om endring i vedtektene i barnehagen slik at satsane for syskenmoderasjon fylgjer dei nasjonale retningslinene. 30% søskenmoderasjon for barn nr. 2 i barnehagen og 50% for barn nr 3. (Vil kome som eiga sak.)

Kvart barn med gratisplass vil i 2018 gje barnehagen eit inntektstap på kr 16 000 pr år, samanlikna med lovkravet om minst 50% moderasjon. Heimar med låg inntekt får regulert foreldrebetalinga etter søknad, i tillegg til syskenmoderasjon. Auke i foreldrebetaling 6 % kr 120 000.- og meirinntak 131 000.-

## Tiltak det ikkje er funne plass til i budsjettet for 2018:


**Inntak av nye søkarar frå 01.01.2018.** For at alle som har søkt om plass frå nyåret skal få plass må vi styrke bemanninga med 2,2 årsverk fagarbeidar/assistent. Kostnaden for dette i 7 månader vil vere om lag kr 642 000.

**Styrking av ressurs til arbeid med framandspråklege ungar i barnehagen** frå 40% til 60% av ei stilling frå årsskifte.

Kostnaden ved dette er ca kr 100 000. Dette er ei utfordring som administrasjonen arbeider vidare med å få løyst innanfor sektoren si økonomiske ramme.

## 4.2.2. Skulane


Skuleåret 2017-18 er det siste året med tre skular i kommunen. Alt frå 01.08.2017 byrjar vi å redusere driftskostnadane. Elevtalet/klassetalet går ned på ungdomsskulen.



Frå skuleåret 2018/19 vil Skjåk barne- og ungdomsskule kunne redusere talet på årsverk enno meir.

### Ressurskrevjande brukarar

Serleg dei tre siste åra har ressursbruken til elevar med spesielle behov auka. Skjåk har fleire elevar som har store behov for tilrettelagt tilbod i skulen. Men vi har og sett ei utvikling av at talet på elevar med «mindre behov» for tilrettelegging har auka. Det er arbeid for å gje desse betre tilrettelagt hjelp innafor den ordinære undervisinga og med hjelp av styrkingstiltak som kan redusere behovet for spesialpedagogisk hjelp etter enkeltvedtak.



# Økonomiplan 2018 - 2021

---

Det er likevel ikkje til å unngå at vi må bruke relativt store ressursar for tilrettelegging for elevar med store behov og i framtida.

## Skjåk barne- og ungdomsskule (1-10-skuleprosjektet)

Arbeidet med planlegging og utvikling mot ein skule med målet om å vere ein skule frå starten med ei samla leiing, felles praksis, rutinar og kultur går og framover. Rektor-teamet har gjennomført fleire tiltak som skal førebu samling til ein skule. Felles planleggingstid mellom skulane, felle FAU møter og tiltak med elevar på tvers av skulane.

## Tidleg innsats.

Det er i Statsbudsjettet for 2017 løyvd eigne midlar til styrka lærarinnsetning på 1.-4. trinn. Midlane skal vere varige. Deler av midlane skal brukast til «varige tiltak» som auka faste stillingsressursar og deler av midlane til «fleksible tiltak». Dei øyremerka midlane i 2016 er på kr 319 000.

Som oppfølging av Stortingsmelding: «Lærelyst – Tidlig innsats og kvalitet i skole», er det no lovfesta krav at alle skular har plikt til å gi intensiv opplæring i lesing, skriving og rekning til elevar i 1. til 4. klasse, dersom dei strevar.

## Utviklingsarbeid - kompetanseutvikling

Ungdomstrinn i utvikling er ei nasjonal satsing som ungdomsskulane i Norddalen er med i. Denne satsinga varer fram til 2018. Satsinga omfattar mellom anna prosessrettleiing frå Høgskulen på Lillehammer (HIL). Dette er planlagt vidareført våren 2018, finansiert av midlar som er att til dette formålet frå utdanningsdirektoratet/fylkesmannen.

Utdanningsdirektoratet har og satsinga «Kompetanse for kvalitet» som har vart i fleire år. Her får pedagogar mogelegheit til lønna studiepermisjon til visse studie. Skjåk har hatt pedagogar med på slik vidareutdanning i mange år.

Samtidig er det no ei ny satsing på desentralisert kompetanseutvikling. Denne satsinga går igjennom høgskulane. Norddalen skal samarbeide med HIL om gjennomføring av slik etterutdanning i åra framover.

## Tiltak for å få 2018- budsjettet i balanse:

### **Kantina på ungdomsskulen:**

Tilbodet vart sett i verk frå skulestart hausten 2017, og vi registrerer at kostnadene er langt større enn forventa. Det vil framover bli lagt stor vekt på å få ned kostnadene, m.a. ved innkjøp av mat og bruk av personalressursar. Tiltak vil bli evaluerte i god tid før skulestart 2018.

**Ein permisjon blir ikkje erstatta fullt ut.** Dette fører til reduksjon på kr. 275 000. Den blir delvis erstatta ut skuleåret 2017/2018, og ikkje erstatta frå hausten 2018.

**Ein reduserer hjelpefunksjonar i den nye skulen** med 1,5 årsverk noko som fører til at ein må seie opp tilsette i faste stillingar. Reduksjon på kr 475 000.-

# Økonomiplan 2018 - 2021

---

## Tiltak det ikkje er funne plass til i budsjettet for 2018:

Styrke IKT-ressurs med 20% stilling, 150.000 kroner. Dette er ei utfordring som administrasjonen arbeider vidare med å få løyst innanfor sektoren si økonomiske ramme.

### *4.2.3. Kulturskule*

#### Rammeplan for kulturskulen

Det vil bli lagt fram eiga sak om godkjenning rammeplan for kulturskulen.

#### Felles kulturskule med Lom

Det blir lagt fram forslag til samanslåing av kulturskulane i Lom og Skjåk som eige sak. I budsjettet blir det teke høgde for at dette blir realisert frå august 2018.

#### Tiltak for å få budsjettet i balanse:

Felles kulturskule med Lom er lagt inn som føresetnad. Dett er rekna med ei innsparing på kr 160 000 i 2018.

Dans blir flytta til Marlo skule august 2018. kr. 19 000.-

Auke i foreldrebetaling 2,4 % - prisstigning. (Nokre andre mindre justeringar.)

## Tiltak det ikkje er funne plass til i budsjettet for 2018:

**Syskenmoderasjon** (som for barnehagen ) 30% for fyrste sysken og 50% frå tredje sysken. Kr. 17 000.-

### *4.2.4. Flyktningar, vaksenopplæring og PPT*

#### Flyktingtenestea og vaksenopplæring

Det blir truleg ikkje busette nye flyktningar i Skjåk i 2018. Ei jamn busetting er ein føresetnad for finansiering av flyktingarbeidet slik vi har det.

Når det ser ut til å ikkje bli ny busetting i 2018 betyr det at vi må redusere kostnadane.

Dette vil måtte skje i løpet av fyrste halvår 2018. Målsettinga er å redusere 50% flyktingkonsulent innan 01.04.2018.

Vi vil framleis ha arbeid med integreringsarbeidet med dei som alt er busette i kommunen. Ned-bemanninga må derfor skje gradvis.

#### Vaksenopplæringa:

Her er det og behov for å vurdere bemanninga. Det er aktuelt å vurdere enno tettare samarbeid med Lom om denne tenesta i løpet av året.

# Økonomiplan 2018 - 2021

## Interkommunale samarbeidstiltak (PPT)

Skjåk kommune deltek i regionalt samarbeid om Pedagogisk psykologisk teneste( PPT).

Dette er ei lovpålagt teneste som er sakkunnig instans i vurdering av barn sine behov og rett til spesialpedagogiske tiltak. Målet er at tenesta skal ha brei kompetanse i dei vanlegaste utfordringane for elevar i barnehage og grunnskule.

Kostnadane blir fordelt mellom kommunane etter avtalt fordelingsnøkkel.

### 4.2.5. Oppsummering av endringar i økonomiplan frå 2017 til 2018

Ansvarsområde 200-299 Oppvekst og utc	2017	2018	2019	2020	2021
Budsjett 2017	54 211 000	54 211 000	54 211 000	54 211 000	54 211 000
Korrigert for overføring assistentar til heimetenester		-1 365 000	-1 365 000	-1 365 000	-1 365 000
Korrigert for reduksjon flyktningbudsjett		-2 570 000	-2 570 000	-2 570 000	-2 570 000
Korrigert for deflator løn		1 305 000	1 305 000	1 305 000	1 305 000
Korrigert for auke pensjon		-677 000	-677 000	-677 000	-677 000
<b>Netto driftsramme før tiltak</b>	<b>54 211 000</b>	<b>50 904 000</b>	<b>50 904 000</b>	<b>50 904 000</b>	<b>50 904 000</b>

#### Endringar i 2018 i forhold til 2017

200 OPPVEKST OG UTDANNING		-14 000	-1 054 000	-1 054 000	-1 054 000
201 FLYKTNINGAR		0	-1 586 000	-3 196 000	-3 902 000
211 DØNFOSS BARNEHAGE		-242 000	-242 000	-242 000	-242 000
212 HOLEMORK BARNEHAGE		-351 000	-351 000	-351 000	-351 000
213 BISMO BARNEHAGE		-124 000	-124 000	-679 000	-679 000
220 SKJÅK BARNE OG UNGDOMSKULE		-2 121 000	-4 262 000	-5 459 000	-5 459 000
240 KULTURSKULE		-130 000	-419 000	-419 000	-419 000
<b>Netto driftsramme</b>		<b>47 922 000</b>	<b>42 866 000</b>	<b>39 504 000</b>	<b>38 798 000</b>

Flyktningbudsj. er sektorovergripande og endring 2018 må sjåast mot red. inntekt A600 og netto fondsbruk

#### Ansvar 201 Flyktningar

- Det er ikkje lagt opp til at vi tek i mot flyktningar i 2018 og vi har heller ikkje fått anmodning om dette.
- Flyktningbudsjettet har mange usikre postar i ei nedtrappingsfase.
- Det er lagt opp til redusert personalressurs frå våren 2018.

#### Ansvar 211 – 213 Barnehagane

- Ressursane blei redusert i 2017 og dette er vidareført med heilårsverknad i 2018.
- Det blir brukt litt flyktningmidlar i Bismo barnehage med 40% stilling.

#### Ansvar 220 Skjåk barne- og ungdomsskule

- Kostnadene i 2018 er redusert i høve til 2017 med vel 2,1 millionar kroner, fortrinnsvis på grunn av strukturelle endringar. Det er ei klasse mindre på ungdomskulen.
- I 2018 tek ein sikte på å halde oppe gratiskantine som i 2017, men det er nødvendig å redusere kostnadene.

#### Ansvar 240 Kulturskule

- Budsjettet for kulturskulen er redusert og det blir lagt opp til samarbeid med nabokommune.


# Økonomiplan 2018 - 2021

## 4.3. Helse og omsorg

Rammer per ansvarsområde	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2017
300 HELSE OG OMSORG	2 000 000	1 900 000	1 900 000	1 900 000	1 968 000
310 PLEIE OG OMSORG INSTITUSJON	23 815 000	23 436 000	23 436 000	23 536 000	23 527 000
320 PLEIE OG OMSORG HEIMETENESTER	26 533 000	25 384 000	25 384 000	25 384 000	23 445 000
330 HELSETASJON	2 373 000	2 120 000	2 120 000	2 120 000	0
331 NAV	2 800 000	2 800 000	2 800 000	2 750 000	3 855 000
332 BARNEVERN	2 669 000	2 669 000	2 669 000	2 669 000	5 131 000
350 HELSETENESTER	5 792 000	5 792 000	5 792 000	5 792 000	6 395 000

Budsjettarbeidet innan helse- og omsorgssektoren har også i år vore svært krevjande, ikkje minst med tanke på at rammene i sektoren har blitt kraftig redusert dei seinare åra, spesielt frå 2016 til 2017. For at kommunen skal kome innafør rammene i 2018, har sektoren måtte gjennomføre betydelege reduksjonar. Dette er nærare omtalt i punkt 4.3.6

### Organisering av helse- og omsorgssektoren pr. 1.1.2018:



### 4.3.1. Pleie og omsorgstenester

Skjåk kommune har svært gode helse- og omsorgstilbod, og tenestene som blir levert er av høg kvalitet. I tillegg har kommunen teke gode og strategiske grep, spesielt i organiseringa av eldreomsorgstilbodet. Dette er eit godt utgangspunkt for nødvendig omstilling som må til, og BEON-prosjektet er ein viktig motor i dette arbeidet.

### Institusjon

Skjåkheimen, med omsorgsbustader i nærleiken som lettar presset på institusjonsplassar, har gjort det mogleg å foreta ei vriding av tenestetilbodet frå institusjon til meir heimebaserte tenester. Rammene er difor no tilnærma like for institusjon og heimetenester. Det betyr at kommunen er i stand til å yte meir hjelp til fleire brukarar og at institusjonsplass skal være siste steget i omsorgstrappa.

Å førebu seg på å møte aukande behov for korttids-, avlastings- og rehabiliteringsplassar er ein viktig del av denne omstillinga. Ombygginga av Skjåkheimen med 11 nye korttids-/rehabiliteringsplassar vil bidra til å gje brukarar kort og intensiv hjelp og behandling slik at dei kan returnere til heimane sine etter endt opphald på Skjåkheimen. Sjølv om vi berre aukar talet på institusjonsplassar med 1, frå 35 til 36, vil hyppig rullering av korttidsplassane, saman med gode ergo- og



# Økonomiplan 2018 - 2021

---

fysioterapiressursar, bidra til at mange fleire kan nytte seg av eit slik korttidstilbod. Ombygginga går etter planen, og skal være ferdigstilt sommaren 2018.

Det er føresett at renter og avdrag for ombygging av Skjåkheimen skal finansierast innanfor dei tildelte rammene, noko som betyr ei auke i driftskostnadene på ca kr 400 000. Dette, i tillegg til at særtillegg og pensjonskostnader vil bli betydeleg høgare enn i 2017, bidreg til at institusjon har store utfordringar med å kome inn i den tildelte ramma.

Som eit tiltak i budsjettprosessen i 2017 reduserte ein grunnbemanninga på Skjåkheimen med 13 til 12 på dagvakt og frå 9 til 8 på kveldsvakt i vekedagane. I tillegg har ein også organisert dagane slik at måltidsserveringa gjennomførast på anna tidspunkt for å lette presset på pleiepersonalet. Dette gjev også bebuarane eit enda betre tilbod ved å fordele måltida jamt utover døgnet.

For å redusere kostnadene ytterlegare i 2018, blir delar av fleire stillingar halden vakante, og både sjukepleiarar og helsefagarbeidarar blir råka av dette. I tillegg må ein redusere grunnbemanninga med ein 100% stillingsheimel for å kome inn i dei tildelte rammene, fortrinnsvis på helg. Denne reduksjonen kan ikkje gjennomførast utan å gå til oppseiingar, slik det ser ut no. Det må i så fall gjerast ei grundig vurdering om det er forsvarleg å gå ytterlegare ned på grunnbemanning.

## Heimetenester

I tråd med nasjonale føringar, arbeider Skjåk kommune for å styrke heimetenesta. Dette for at flest mogleg skal få bu heime så lenge som mogleg. Eldreomsorga i Skjåk utfører gode tenester til innbyggjarar med behov for tenester. Dette syner og brukarundersøkingar. Vi har ei god tildeling av tenester, etter etablering av tildelingskontor. Tradisjonelt har terskelen for å motta heimetenester vore relativt låg, dette syner og KOSTRA – tal for Skjåk frå 2016. Då vi veit at vi vil få ein topp i talet på eldre over 80 år i Skjåk mellom 2020 -2025, er det viktig å vurdere nøye kva slags tenester ein tilbyr.

Førebyggjande arbeid som hindrar og forsinkar utviklinga av helseplager for alle deler av befolkninga må få høg prioritet. *Kvardagsrehabilitering* blei etablert som ei eiga teneste i Skjåk kommune i 2016, der nettopp tidleg intervensjon og førebygging er viktige stikkord. Tenestetilbodet legg til rette for at flest mogleg skal kunne bu heime så lenge som råd, etter eiga ønskje. Det er etablert eit team med ansvar for kvardagsrehabilitering vil ha mellom anna fysio - og ergoterapeutar, sjukepleiar, fagarbeidar og aktivitetør som deltakarar. Det er ergoterapeuten som har prosjektleiaransvar for kvardagsrehabiliteringstenesta. Denne stillingsdelen blei frikjøpt med 30% i 2017 og i tillegg blei det sett av ekstra ressursar til prosjektet det fyrste året ved å frikjøpe 2 x 20% sjukepleiarressursar i heimesjukepleia. Desse frikjøpa blei finansiert gjennom fondsmidlar frå USHT, men skal no finansierast innanfor ordinær ramme.

## Tenester for funksjonshemma

For heimetenestene er det svært store utfordringar med høge og uføresette utgifter knytt til ressurskrevjande tenester. Kostnadene er fordelt på fleire tenester slik at både tenesteområda funksjonshemma i heimen og heimesjukepleia har fått auka kostnader. Statlege tilskott dekkjer ikkje på langt nær kostnadene, og kommunen har betydelege kostnader knytt til tenestene.

Avlastning har hatt ei gradvis auke i vedtak, noko som medfører auka behov for ekstra nattevakt pga for dårleg kapasitet i Skamsargjeilen. Dette vil krevje investering i nye og gode avlastningsbustader og bustader for vaksne funksjonshemma med behov for heildøgns omsorgstenester. Dette vil bidra til å redusere behov for bemanning. Arkitekt Vikøren er i gang med å forprosjektare «Nye Skamsargjeilen» som saman med ei kostnadskalkyle blir lagt fram for politisk behandling i samband med budsjett og økonomiplan. Dersom naudsynte løyvingar blir gjeve, er det planlagt byggestart sommaren 2018 og med ferdigstilling 2019.

Husbanken har gjeve førebels godkjenning om at bygginga kvalifiserer for tilskott på 45-55 % av byggekostnaden. Det vil difor være fornuftig å gjennomføre byggeprosjektet i 2018/2019 slik at ein er sikra tilskott frå noverande ordning. Det er ein føresetnad at auka renter og avdrag som følgje av investeringa, skal finansierast innanfor ramma til heimetenestene.

# Økonomiplan 2018 - 2021

---

Som eit ledd i kostnadsreduksjonane blir stillinga som aktivitør på Dagsenteret redusert, og denne blir knytt opp mot enkeltbrukar i tenesta for funksjonshemma. Dette vil sjølvsagt gå utover aktiviteten for bebuarar på Skjåkheimen og for dei heimebuande eldre som nyttar seg av dagtilboda.

Ekstern konsulent, Sjødermann, har gjennomgått ressursbruken sett opp mot dei statlege tilskott vi mottek, og har konkludert med at kommunen, ved å ta nokre grep, kan auke netto statlege tilskott med om lag 1 million kroner. Ein føresetnad er mellom anna at alle assistentar knytt til tenesta har blitt flytta frå skule til helse- og omsorg.

**RO- Ressurscenter for omstilling i kommunane** har gjennomgått og analysert dei heimebaserte tenestene og har mellom peika på at ein bør gjere ei grundigare analysere av tenesta for funksjonshemma/avlastning for å sjå på korleis ein kan organisere tenesta optimalt. Dette fordi det har vore ei stor auke i tenestebehovet dei siste åra, som krev mykje ressursar. RO har ikkje sendt inn rapport i skrivande stund, november 2017, men det er grunn til å tru at ein på sikt kan forvente ein effektiviseringsgevinst som følgje av denne gjennomgangen utan at ein kan konkretisere dette på noverande tidspunkt.

## **4.3.2. Helsetenester**

Skjåk kommune yter ein del av helsetenestene til sine innbyggjarar i eigen regi, ein del i samarbeid med Lom og ein del i samarbeid med alle norddalskommunane. Det var i fjor gjort eit forsøk på å etablere felles helsetenester med Lom kommune, utan at ein lukkast. Helsetenester blei i 2017 organisert med felles tenesteleiar for helsetenestene og helsestasjonen.

### Legetenester

Det blei i 2017 vedteke å oppretthalde 3 legeheimlar også i åra framover for å redusere sårbarheita og for å dekke opp for kommunen sine vaktforpliktingar i det regionale legevaktsamarbeidet. Rammene for legetenester auka med kr 300 000 frå 2016 til 2017. Det er lagt inn ein reduksjon i rammene i 2018 pga forventa auka refusjonar frå Helfo og pasientbetaling på kr 600 000 på bakgrunn av rekneskapstal frå 2017.

Skjåk legekantor har ikkje vore pussa opp sidan innflytting rundt 1990, og det er stort behov for å få rusta opp lokala, i fyrste omgang ekspedisjonen, laboratoriet, undersøkingssrom, venterom og gang. Det er vidare behov for å byte ut armaturane ved arbeidsplassane som er av eldre modellar med lite tidsmessig lysoptikk og utan reguleringsmoglegheit. Møblane på venterommet framstår som svært slitte, ukomfortable og tilfeldig samansett, og må fornyast. Det blei i juni - 17 søkt om ei løyving frå disposisjonsfond på kr 250 000, men formannskapet ønska at saka skulle takast opp i samband med budsjettbehandling 2018. Oppussinga er lagt inn som ein post i vedlikehaldsbudsjettet.

### Fysioterapi

Det er 2 kommunale fysioterapiheimlar og 1 privatpraktiserande med driftstilskott. Det er ønskeleg å oppretthalde dette også framover, med tanke på at vi no bygger ei ny korttids- og rehabiliteringsavdeling på Skjåkheimen, som vil krevje auka ergo- og fysioterapiressursar. Det er og mange barn og unge med store trenings- og behandlingsbehov, som legg beslag på fysioterapiressursane, i tillegg til at Skjåk må ha fokus på førebyggjande helsearbeid for å redusere behovet for helsetenester i framtida. Det er lagt inn fastlønnsstilskott på kr 400 000 samt auka pasientbetaling på kr 150 000 etter at også fysioterapienesta er underlagt refusjonsordninga til Helfo.

Det blir vurdert å etablere ein *frisklivssentral* som eit forsøksprosjekt i 2018 for å rette fokus på meir førebyggjande helsearbeid, noko som kommunen er forplikta til i forhold til sine innbyggjarar. Tanken er at ein skal jobbe aktivt

# Økonomiplan 2018 - 2021

---

førebyggjande, både i forhold til barn og unge, men også blant dei «yngre» eldre for å legge til rette slik at dei kan bu heime lengst mogleg. Det er naturleg at førebyggjande helsesamtaler for personar 67+ ligg på denne funksjonen. Ein ønskjer også å sjå på førebyggjande tiltak som kan redusere sjukefråværet blant tilsette i kommunen. Dette kan finansierast via gode statlege tilskottsordningar og fondsmidlar i 2018, og ein vil engasjere ein prosjektkoordinator i eit engasjement som skal være knytt til helsestasjonen, lege- og fysio/ergoterapitenesta.

## Psykisk helseteneste

Psykisk helseteneste (inkl. rusomsorg) er organisert som vertskommunesamarbeid med Lom kommune, der sistnemnte er vertskommune. Alle som arbeider innan helse og omsorgsfaga har ansvar og plikt til å yte hjelp til den som har rusproblem, på det nivået i organisasjonen som ein arbeider på. Den nye samhandlingsreforma for rus og psykiatri vil stille store krav til den enkelte kommune, og ein ser behov for å styrke kompetansen innan heimebaserte tenester. Det er tilsett ein regional ruskoordinator, som jobbar aktivt med kompetanseheving og rådgjeving blant dei tilsette innan rusfeltet. Spørsmålet blir no om ein skal vidareføre ruskoordinatoren i 2018 etter at noverande koordinator har sagt opp stillinga si.

## Regionalt helsesamarbeid

Vertskommuneavtale om helsesamarbeid i Nord-Gudbrandsdal omfattar legevaktordning, legevaktvarsling, jordmorvaktordning, 6 intermediære senger, 3 KAD-senger (Ø-hjelp), koordinator i samfunnsmedisin, kreftkoordinator, ruskoordinator og kostnader for hjelpepersonell knytt til spesialisthelsetenesta ved NGLMS. Kommunane mottek statlege tilskott for å drifte KAD-senger, og det er kommunen sitt ansvar å syte for at heile tilskottet blir overført Sel kommune som del av finansieringa av det regionale KAD-tilbodet.

I 2018 vil kostnadene for legevaktvarslinga auke med kr 150 000 i 2018 og 300 000 i 2019 for Skjåk sin del pga at Nord- og Sør-Fron har trekt seg frå samarbeidet.

Koordinator i samfunnsmedisin har sagt opp si stilling, og det er ikkje lagt inn ei vidareføring i 2018, men at vi heller kan kjøpe tenester. Det vil bety ei innsparing på kr 200 000.

Det er heller ikkje lagt inn i budsjettet at den regionale kreftkoordinatoren skal vidareførast. Dette må i så fall leggjast inn som nytt tiltak med ein kostnad på kr 120 000. Det same gjeld for ruskoordinator. Kostnaden her er stipulert til kr 20 000. Det er lagt inn ei forventa innsparing på dei regionale helsetenestene på totalt kr 200 000.

### *4.3.3. Helsestasjon*

Skjåk kommune har ei målsetting om at helse- og velferdstenester retta mot barn og unge skal bli betre koordinerte og av betre kvalitet. I dette ligg ein ambisjon om å fange opp problem, gjera god kartlegging og vurdering, samt setja inn hjelpetiltak så snart som råd – tidleg innsats.

Dette var grunnlaget for ei ny administrativ organisering i 2015 som innebar at Skjåk kommune etablerte *Utvida helsestasjon* som eige tenesteområde med miljøterapeut i grunnskulen, barnevern og jordmor som del av den forsterka helsestasjonen og lagt under same tenesteleiar. I 2017 blei barnevern trekt ut av den felles tenesta og lagt direkte under kommunalsjef med eigen tenesteleiar. Samstundes blei helsetenester og helsestasjon samla under same tenesteleiar.

Helsestasjonen har både i 2016 og 2017 fått tildelt betydelege statlege tilskott for å styrke barn og unge si psykiske helse ved å jobbe førebyggjande. I tillegg får kommunen øyremerkta midlar på kr 300 000 som skal finansiere delar av stillinga som miljøterapeut. Desse tilskotta bidreg til full finansiering av stillinga som miljøterapeut. Det er ikkje lagt inn drift av ungdomsklubben i 2018. Dette bety ei innsparing på ca. kr 80 000.

## 4.3.4. Barnevern

Satsinga på barnevern har auka gjennom fleire år, og Lom og Skjåk barnevernteneste har i dag 4 stillingsheimlar, der 1,5 årsverk er finansiert via styrkingsmidlar frå Fylkesmannen.

I samband med langtidssjukemelding i 2017, blei ei 50 % stilling som barnevernskonsulent halden vakant inntil vidare grunna. Tenesta blei i staden styrka ved at eit vikariat som miljøarbeidar i 25 % blei vidareført ut 2017. Denne blir og vidareført i 2018. I tillegg er det tilsett ein barnevernkonsulent i den siste vakante 25% stillinga for å ha tilstrekkelege ressursar til saksbehandling for å unngå fristbrot. Dette også med tanke på at barnevernleiar har fått administrativt ansvar som tenesteleiar, og får følgeleg noko redusert kapasitet til saksbehandling.

Samanlikna med 2016, var det ei stor auke i utgiftar knytt til fosterheimsplassering i 2017. Dette har blitt noko kompensert gjennom skjønnsmidlar.

Kommunen har plikt til å ha ein akuttberedskap i barnevern, og det er i gangsett eit regionalt arbeid for å sjå på ei felles vaktordning for heile N-G. Dette vil generere kostnader for kommunane, og slik det ligg an no, vil dette bety ein meirkostnad på +/- kr 100 000 for Skjåk sin del. Det er lagt inn som nytt tiltak i budsjettet.

Det er førebels usikkerheit knytt til kor mykje dei statlege styrkingsmidlane utgjør, men det er grunn til å tru at vi vil få styrkingsmidlar som ligg på same nivå som i 2017. Dette er det teke høgde for i budsjettet.

## 4.3.5. NAV

I samband med samlokaliseringa mellom NAV Lom og Skjåk blei talet på stillingsheimlar redusert med 0,7. Dette viste seg å vere urealistisk med tanke på den store saksmengda, og rådmannen rådde difor til at denne heimelen blei lagt inn att, i fyrste omgang som ei midlertidig stilling. Denne stillinga har no blitt gjort om til ei fast stilling fordi vi ser at utbetalingar til sosialhjelp og bustøtte har blitt betydeleg redusert etter at ein styrka ressursane på dette området. NAV kan difor redusere budsjettet med ca. kr 1,1 mill frå 2017 til 2018.

Det ei stor utfordring i å få sosialhjelpsmottakarar utan fagutdanning ut i arbeid, Sysselsettingsgruppa er og blir eit viktig verkemiddel i å få personar over frå passiv sosialstønad til samfunnsnyttig aktivitet, og vera eit springbrett til utdanning og varig arbeid.

Stillinga som leiar av NAV-kontoret har vorte halden vakant i 2017 i påvente av prosessen rundt ev. samanslåing av NAV-kontora i Vågå, Lom og Skjåk. Dette har førebels stranda, og ein vil prøve ut ei løysing med felles leiar for dei to kontora og med ein teamleiar lokalisert på dei respektive kontora. På den måten kan ein få testa ut moglegheita for å utnytte ressursane på dei to kontora på tvers av kommunegrensene og i tillegg etablere meir robuste fagmiljø, medan ein samstundes opprettheld dei to lokale NAV-kontora.

# Økonomiplan 2018 - 2021

## 4.3.6. Oppsummering av endringer frå 2017 til 2018

Ansvarsområde 300-399 Helse og omsor	2017	2018	2019	2020	2021
Budsjett 2017	63 433 000	63 433 000	63 433 000	63 433 000	63 433 000
Korrigert for overføring assistentar til heimetenester		1 365 000	1 365 000	1 365 000	1 365 000
Korrigert for deflator løn		1 523 000	1 523 000	1 523 000	1 523 000
Korrigert for auke pensjon		1 554 000	1 554 000	1 554 000	1 554 000
<b>Netto driftsramme før tiltak</b>	<b>63 433 000</b>	<b>67 875 000</b>	<b>67 875 000</b>	<b>67 875 000</b>	<b>67 875 000</b>

### Endringer i 2018 i forhold til 2017

300 HELSE OG OMSORG		-21 000	-121 000	-121 000	-121 000
310 PLEIE OG OMSORG INSTITUSJON		395 000	16 000	16 000	116 000
320 PLEIE OG OMSORG HEIMETENESTER		71 000	-1 078 000	-1 078 000	-1 078 000
330 HELSESTASJON		-169 000	-422 000	-422 000	-422 000
331 NAV		-1 166 000	-1 166 000	-1 166 000	-1 216 000
332 BARNEVERN		-52 000	-52 000	-52 000	-52 000
350 HELSETENESTER		-951 000	-951 000	-951 000	-951 000
<b>Netto driftsramme</b>		<b>65 982 000</b>	<b>64 101 000</b>	<b>64 101 000</b>	<b>64 151 000</b>

### Ansvar 310 Institusjon

- Inntektene på lang- og korttidsopphald er auka med kr 600 000, også på grunn av nye rom i samband med ombygginga. Det er ikkje budsjettert med sal til andre kommunar som i 2017.
- Avtalefesta tillegg og vikarbudsjettet, artene 1016 - 1040 er auka med totalt kr 732 000 frå 2017 til 2018.
- Vikarbudsjettet er isolert sett auka med kr 200 000, men refusjon frå Rikstrygdeverket er auka tilsvarende. Refusjon fødselspengar er ikkje budsjettert i 2018, medan det var budsjettert med kr 330 000 i 2017.
- Ergoterapeut blei i 2017 finansiert delvis via fond, men skal i 2018 finansierast innafor rammene av vanleg drift. Den er skilt ut som eiga teneste og flytt frå institusjon til heimetenester frå 2018.
- Renter og avdrag for ombygging på Skjåkheimen, kr 400 000 skal finansierast innafor rammene
- Dei faste lønskostnadene er reduserte frå 2017 til 2018 på artene 1010 - 1014. Dette må og sjåast i samanheng med redusert refusjon Rikstrygdeverket. Totalt blir 260 % stillingsheimlar halden vakante.
- Reduksjon i grunnbemanning på helg. Ev. oppseiing av 100 % stillingsheimel.

### Ansvar 320 Heimetenester

- Nettokostnadene til ressurskrevjande tenester stig med ca kr 1,3 mill frå 2017 til 2018 spesielt på teneste 2542 Funksjonshemma i heimen.
- Kostnadene til avlastning aukar og mykje, men noko av dette blir dekt gjennom tilskot.
- Det er ei mindre kostnadsauke på omsorgsarbeid.
- Rammene er korrigert både for overføring av assistentar frå skulen med kr 1 365 000 og for overføring ergoterapeut med kr 500 000.
- Reduksjon i 50 % stillingsheimel i heimebaserte tenester, kr 250 000
- Reduksjon i 60 % aktivtørstilling, kr 300 000
- Reduksjon i ferievikar/ekstrahjelp med kr 100 000
- Det er gjennomført div. kutt i heimebaserte tenester på totalt kr 300 000.
- Refusjon til vertskommune er noko redusert på psykisk helsearbeid.

# Økonomiplan 2018 - 2021

## Ansvar 330 Helsestasjon

- Helsestasjon og barnevern er skilt i rekneskapen frå 2018.
- Nettokostnaden er noko justert ned ved å bruke øymerka midlar og prosjektmidlar til dekning av ein av stillingsressursane.
- Ungdomsklubben blir ikkje vidareført, kr 80 000

## Ansvar 331 NAV

- Vanleg utbetaling til sosialhjelp går kraftig ned og gjev innsparingar på ca kr 800 000
- Vi har ikkje fått anmodning om å ta i mot flyktingar og difor reduserast også kostnadene på dette området, ca 200 000. Dette må og sjåast i samanheng med redusert integreringstilskot.

## Ansvar 332 Barnevern

- Det er lagt inn kr 200 000 til regional akuttberedskap i barnevern som nytt tiltak.

## Ansvar 350 Helsetenester

- Inntektene aukar mykje pga auke i refusjon frå Helfo og pasientbetaling både for legetenesta og fysioterapi, totalt kr 750 000.
- Det er ikkje budsjettert med kjøp av legetenester, men høgare faste lønnskostnader.
- Kostnader til regional legevaktvarsling aukar med kr 150 000 i 2018.
- Netto reduksjon i regionale helsetenester på kr 200 000: Samfunnsmedisinar blir ikkje vidareført. Det same gjeld kreft- og ruskoordinator.

## 4.4. Kultur, teknisk og næring

Rammer per ansvarsområde	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2017
420 TEKNISK VAR	3 742 000	3 587 000	3 787 000	3 887 000	4 160 000
430 TEKNISK DRIFT	22 135 000	23 286 000	23 428 000	23 652 000	20 035 000
450 LANDBRUK OG NÆRING	165 000	165 000	165 000	165 000	922 000

Næringsavdelinga har lågt netto resultat, fordi avdelinga er finansiert frå næringsfond.

### 4.4.1. Kultur

#### Kultur

Kultur ligg i staben til rådmannen og utgjer to 50% faste kulturkonsulentstillingar. Oppgåver lagt til kultur har stor spennvidde, som saksbehandling av kulturmidlar og prosjektmidlar, spelemiddelordninga, administrere faste og meir spontane kulturtiltak/-arrangement, sekretærfunksjon for idrettsråd, turløyper og diverse komitear, kontakt ut til lag og foreiningar, museum, kulturminnefondet m.m. Eit særskilt viktig område er kulturminnevernarbeid. Kommunale idrettsanlegg ligg under teknisk etat.

# Økonomiplan 2018 - 2021

---

Kommunestyret har gjort vedtak om å redusere ressursbruken i kulturetaten med 50% i 2018. I budsjettet er det lagt inn reduksjon ved naturleg avgang.

## Planar

Revidering av kommunedelplan om kulturminne er under arbeid og forventast opp til politisk behandling i 2018. Omfattande arbeid som eigentleg krev ressursar utover det etaten disponerer. Lokal plan, utarbeida i tråd med nasjonale miljømål om forvaltning av kulturminne og fylkeskommunen sin strategiplan for kultur, vil leggje føring for kulturminnearbeidet i åra framover. Riksantikvaren og fylkeskommunen legg trykk på kommunane i kulturminnearbeidet. Heile kommunedelplan om «Fysisk aktivitet og naturopplevingar» skal reviderast. Årleg rullering av handlingsplan.

### *4.4.2.     Teknisk*

Tenesta har ansvar for å planlegge og gjennomføre utbygging av kommunale bygg og anlegg, byggeleing, drift og vedlikehald av kommunale bygg, plassar, idrettsanlegg og vegar. Forvaltning- og eigaransvaret for den kommunale bygningsmassen. Drift av vatn- og avlaupsanlegg og drift av vaskeriet på Skjåkheimen.

## Reinhold

Reinhold av kommunale bygg etter gjeldande reinholdsplanar. Reingjering av ca. 16 000 m<sup>2</sup> golvareal. Vaskeriet på Skjåkheimen har ansvar for vask av klede frå institusjon, frå bebuarar i omsorgsbustadar og heimebuande med behov for omsorg. Tenesta utgjer 11,3 årsverk fordelt på 15 stillingar.

## Bygg og eigedom

Den kommunale bygningsmassa utgjer ca. 22 000 m<sup>2</sup>. Vaktmeistrane har ansvar for drift og vedlikehald av kommunale bygg med tilhøyrande utomhusanlegg, samt parkar og plassar i Bismo. Vaktmeistertenesta utgjer 5,4 årsverk fordelt på 7 stillingar. Det er ikkje vaktmeisterteneste på kommunale utleigebustadar og Skamsargjeilen bufellesskap.

Kvart år blir det avsett for lite midlar til vedlikehald. For å unngå etterslep på vedlikehald bør vedlikehaldsbudsjettet aukast med 2 millionar kroner kvart år. Overskot frå utleigebustadar bør øyremerkast vedlikehald av bygningsmasse.

## Veg, vatn og avløp (VVA)

Driftsoperatørane har ansvar for drift og vedlikehald av kommunale vatn- og avløpsanlegg og drift av avløpsanlegget til TINE meieriet Lom & Skjåk. Det er totalt 5 kommunale reinseanlegg og 6 kommunale vassverk. I tillegg er det vassverk ved Nordberg og Marlo skule. I tenesta inngår driftspersonell til drift og vedlikehald av kommunale vegar, bruer og gateljosanlegg. Vintervedlikehald av vegar (brøyting og strøing) er sett bort til lokale entreprenørar. Tenesta utgjer 3,4 årsverk fordelt på 5 stillingar.

## Sysselettingsgruppe

Arbeidstreningssenteret ATS – Dei Gode Hjelparane Lom og Skjåk er ei felles sysselettingsgruppe som skal legge til rette for arbeidstrening, praksisplasser, språkpraksisplasser og sosialisering. Basen er på Ånstad i Skjåk og med avdeling i Eggjelia i Lom.

Talet på sysselsette i gruppa vil variere over tid, pr. 27.10.2017 var det 16 personar på tiltak. Desse består av brukarar via NAV, personar som er uføre, personar som har språkpraksisplass og frivillige. Det er og opna for at pensjonistar som framleis ynskjer å være aktive, har et tilbod på dette i gruppa.

Flyttinga til Ånstad og det å få samla alt under «eitt tak» har vore eit stort og positivt løft. Det merkast godt på auka omsetning i brukbutikken og auke på eksterne jobbar.

Utviding av aktivitetar til gruppa, både med jobbar og med varesortimentet i butikken, er eit arbeid som går kontinuerleg.

Det er 2 tilsette i gruppa, med leiar på Ånstad og avdelingsleiar i Eggjalja.

#### *4.4.3. Næring*

Nærings- og utviklingsarbeidet er organisert som ei avdeling under rådmannens sin stab. Stabsavdelinga har seks faste medarbeidarar (inklusive den felles skogbrukssjefen for Vågå, Lom og Skjåk. Til saman utgjer det om lag fire årsverk. Landbruksforvaltninga er ein integrert del av dette. Det same gjeld den treårige stillinga som kommunikasjonsrådgjevar .

Avdelinga er tillagt dei statleg pålagde landbruksforvaltningsoppgåvene som i periodar krev mykje arbeidsinnsats mellom anna til å få inn og kontrollere søknader om produksjonstilskot; saksbehandling av SMIL tilskotsaker, osv. Avdelinga har høg landbruksdagleg kompetanse. Avdelinga har også ansvar for saksbehandling av søknader om tilskot frå det kommunale næringsfondet og råd- og rettleiing til næringsdrivande og ny-etablerarar.

I 2016 vedtok kommunestyret nye vedtekter for næringsfondet, der det er lagt inn ei ordning med etablerarstipend til nyetablerarar. I dei nye vedtektene er det lagt stor vekt på sysselsettingseffekten av det søknaden gjeld. Det er handsama to søknader om stipend pr november i 2017.

I starten var ansvaret for omdømmearbeidet i kommunen lagt til næringsavdelinga. Fordi mykje av kommunikasjonsarbeidet er alminneleg kommunal informasjon, har ansvaret vorte lagt direkte til rådmannen. Det inneber at stillinga som kommunikasjonsrådgjevar har vorte flytt til rådmannen sin stab.

Næringsavdelinga koordinerer ansvaret for arrangementa Ståk i Skjåk og Hausttakk. I tillegg arrangerte kommunen i lag med Skjåk almenning, Skjåk Energi, Næringsnettverket i Skjåk, Sparebank 1 Lom og Skjåk og regionkontoret i Nord-Gudbrandsdal eit temaseminar om klima og miljø under hatten Skjåk i ver'n.

Arrangementa må seiast å vere vellukka, og kommunen tek sikte på å vidareføre desse i 2018.